

UiO : **Det juridiske fakultet**

Retten til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova og barnehagelova

Kandidatnummer: 504

Leveringsfrist: 25. april 2019

Oppgåva inneheld 17 936 ord.



Innholdsfortegnelse

1	INNLEIING.....	1
1.1	Emne og problemstilling.....	1
1.2	Rettskjeldebiletet.....	1
1.2.1	Lover og forskrifter	1
1.2.2	Førearbeid og etterarbeid.....	2
1.2.3	Grunnlova § 109	2
1.2.4	Menneskerettskonvensjonar som er omfatta av menneskerettslova.....	3
1.2.5	FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)	4
1.2.6	Generelle kommentarar frå FNs barnekomité og CRPD-komiteen.....	5
1.2.7	Fråsegner frå Sivilombodsmannen	6
1.2.8	Rettleiarar, rundskriv o.l. frå forvaltninga	7
1.2.9	Mangel på rettspraksis	7
1.3	Anerkjenning av norsk teiknspråk over tid	7
1.4	Rettsleg plassering og tematiske avgrensingar	10
1.4.1	Avgrensing mot reglane om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp.	10
1.4.2	Avgrensing mot reglane om alternativ og supplerande kommunikasjon	11
2	VILKÅR FOR RETTEN TIL TEIKNSPRÅKOPPLÆRING	13
2.1	Felles vilkår i opplæringslova og barnehagelova.....	13
2.2	Vilkåret om teiknspråk som «førstespråk»	13
2.2.1	Kva er «førstespråk» i rettsleg forstand?	13
2.2.2	Kven som vel førstespråk – barnets medverknad i språkvalet	17
2.2.3	Er høyrande teiknspråklege barn omfatta av vilkåret?	18
2.3	Behovsvilkåret	19
2.4	Kort om det tidlegare § 2-6 tredje ledd i opplæringslova	21
2.5	Vilkåret om sakkunnig vurdering før (fylkes)kommunalt vedtak om teiknspråkopplæring.....	22
3	TEIKNSPRÅKOPPLÆRING I GRUNNSKOLEN	25
3.1	Opplæring «i» og «på» teiknspråk	25
3.2	Innhaldet i og omfanget av opplæringa.....	25
3.3	Opplæring i teiknspråkmiljø og nærscoleprinsippet.....	27
3.3.1	Med utgangspunkt i opplæringslova.....	27
3.3.2	Med utgangspunkt i CRPD og barnekonvensjonen.....	29
3.4	Teiknspråkleg undervisningskompetanse	31

4	TEIKNSPRÅKOPPLÆRING I VIDAREGÅANDE SKOLE.....	34
4.1	Kven som er omfatta av retten	34
4.2	Omfanget av retten.....	34
4.3	Innhaldet i retten	36
4.3.1	Teiknspråkopplæring i teiknspråkleg miljø på knutepunktskolar	36
4.3.2	Opplæring med teiknspråktolk i ordinære vidaregåande skolar	37
4.3.3	Inntak til vidaregåande opplæring for teiknspråklege elevar	38
4.3.4	Lærlingar o.l.	39
4.4	Teiknspråkleg undervisningskompetanse	39
5	TEIKNSPRÅKOPPLÆRING FOR BARN UNDER OPPLÆRINGSPLIKTIG ALDER.....	40
5.1	Kven som er omfatta av retten	40
5.2	Innhaldet i retten	40
5.3	Vedtaket om teiknspråkopplæring m.m.	42
5.4	Teiknspråkleg kompetanse for opplæringspersonalet.....	43
6	TEIKNSPRÅKOPPLÆRING SOM SPESIALUNDERVISNING OG SPESIALPEDAGOGISK HJELP	45
6.1	Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp	45
6.2	Grunnlag for teiknspråkopplæring som spesialundervisning.....	45
7	AVSLUTNING.....	47
7.1	Pågåande lovgjevingssprossar.....	47
7.2	Avsluttande betraktningar	48
	LITTERATURLISTE.....	50
	Norske rettskilder	50
	Lover	50
	Forskrifter.....	50
	Førearbeid og andre stortingsdokument.....	50
	Rettspraksis	51
	Fråsegner frå Sivilombodsmannen.....	52
	Retteiarar, rundskriv o.l.	52
	Internasjonale rettskilder	54
	Internasjonale konvensjonar	54
	Rettspraksis frå EMD.....	54
	Generelle kommentarar frå FN's menneskerettslege komitear.....	54

Litteratur.....	54
Juridisk litteratur	54
Annan litteratur	55
Andre nettkjelder.....	55
VEDLEGG	56
Opplæringslova § 2-6	56
Opplæringslova § 3-9	56
Barnehagelova § 19 h.....	57

1 Innleiing

1.1 Emne og problemstilling

Temaet for denne oppgåva er retten til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova¹ og barnehagelova². Retten til teiknspråkopplæring er regulert i høvesvis opplæringslova § 2-6 (grunnskolen) og § 3-9 (vidaregåande skole) og barnehagelova § 19 h (barn under opplæringspliktig alder).

Teiknspråkopplæring etter dei nemnde føresegnene er ikkje rekna som spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 eller som spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a.

Barn som anten får opplæring i skolar som er omfatta av friskolelova³, eller som verken har rett til eller får teiknspråkopplæring etter reglane i opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h, kan likevel ha rett til å få teiknspråkopplæring som spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 eller spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a.

Problemstillinga for oppgåva er å fastleggja vilkåra for og innhaldet i retten til opplæring i og på teiknspråk etter opplæringslova og barnehagelova. Dette vil bli gjort med utgangspunkt i ein gjennomgang og ei drøfting av relevante norske og internasjonale rettskilder.

I kapittel 1 i denne oppgåva blir det gjort greie for rettskjeldebiletet på feltet, for anerkjenning av norsk teiknspråk over tid, og det blir gjort ei tematisk og rettsleg avgrensing området som skal dekkjast av oppgåva. Kapittel 2 tek føre seg vilkåra for teiknspråkopplæring, som er dei same i opplæringslova og barnehagelova. Kapittel 3, 4 og 5 tek føre seg retten til teiknspråkopplæring etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h. I kapittel 6 blir det gjort kort greie for teiknspråkopplæring som spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 og spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a. I kapittel 7 blir relevante pågåande lovgjevingsprosessar omtala, og eg kjem med somme eigne betraktningar om forslag om teiknspråkopplæring som Utdanningsdirektoratet nyleg har kome med.

1.2 Rettskjeldebiletet

1.2.1 Lover og forskrifter

Dei primære rettskjeldene og det naturlege utgangspunktet i drøftinga av rettsreglane om teiknspråkopplæring er dei relevante føresegnene i opplæringslova og barnehagelova. Det er òg gjeve føresegner i forskrifts form med heimel i opplæringslova, i *forskrift til opplæringslo-*

¹ Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

² Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven).

³ Lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova).

va⁴. Dessutan er oppheva føresegner i den tidlegare grunnskolelova⁵ og den tidlegare grunnskoleforskrifta⁶ særleg relevante for å kasta lys over det gjeldande regelverket om teiknspråk-opplæring.

1.2.2 Førearbeid og etterarbeid

Til opplæringslova og barnehagelova finst det omfattande førearbeid i form av proposisjonar frå departementa og komitéinnstillingar frå Stortinget. I lovgjevingsprosessen som leidde til opplæringslova, vart det utarbeidd ein NOU med eit grunngeve framlegg til ny lov på feltet.⁷ I 2012 kom det ein NOU-med framlegg til ny barnehagelov, som m.a. har vore grunnlag for det nye kapittel V A i barnehagelova, der ein òg finn § 19 h om teiknspråkopplæring.⁸ Begge desse NOU-ane seier svært lite om teiknspråkopplæring.

Ei særskild problemstilling som kan oppstå, er at det som er førearbeid for ei lov, samstundes tener som etterarbeid for ei anna. I samband med denne oppgåva er det særleg relevant i samband med at førearbeida til opplæringslova § 3-9 og barnehagelova § 19 h går langt i å gje viktige avklaringar for korleis reglane om vilkåra for teiknspråkopplæring i opplæringslova § 2-6 skal forståast. Spørsmålet er då kva vekt desse førearbeida skal tilleggjast som etterarbeid til § 2-6. Ei slik problemstilling blir drøfta i 2.2.1.

Ei særleg form for førearbeid eg òg legg ei viss vekt på, er høyringsnotat til forskrifter. Forskrifter er regelverk som er gjeve av forvaltninga, og som ikkje har vore gjennom same lovgjevingsprosess som formelle lover. Ofte er høyringsnotat det einaste offentleg tilgjengelege førearbeidet. Særleg dersom ei forskrift blir fastsett med same innhald som var føreslått i høyringsnotatet, vil høyringsnotatet vera ei relevant kjelde for tolkinga av føresegner i forskrifta. I denne oppgåva er det særleg høyringsnotat til den tidlegare grunnskoleforskrifta som det er aktuelt å nytta som rettskjelde.

1.2.3 Grunnlova § 109

I 2014 vart prinsippet om rett til utdanning grunnlovsfesta, jf. Grunnlova § 109 første ledd: «Alle har rett til utdanning. Born har rett til å ta imot grunnleggjande opplæring. Opplæringa skal utvikle evnene til kvart barn og ta omsyn til dei behova det har [...].»

⁴ Forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova.

⁵ Lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen.

⁶ Forskrift 17. november 1989 nr. 1184 for grunnskolen.

⁷ NOU 1995: 18.

⁸ NOU 2012: 1.

Prinsippet i § 109 første ledd andre punktum kan takast til inntekt for at døve og høyrslhe-ma barn har ein rett til adekvat opplæring i og på teiknspråk som kan utleiast av Grunnlova.

1.2.4 Menneskerettskonvensjonar som er omfatta av menneskerettslova

Med menneskerettslova⁹ § 2 er fem internasjonale menneskerettskonvensjonar, medrekna somme tilleggsprotokollar, gjorde til norsk lov så langt som dei er bindande for Noreg som stat. I § 3 er det teke inn ei føresegn som gjer desse til *lex superior* overfor anna norsk lov-gjeving.

I samband med denne oppgåva er det FNs konvensjon om barnets rettar (barnekonvensjonen) artikkel 28 og 29, tilleggsprotokoll 1 til den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK TP1) artikkel 2 og FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) artikkel 13 som er mest relevante.

Barnekonvensjonen artikkel 28 inneheld reglar om barns rett til utdanning, medan artikkel 29 inneheld reglar om korleis utdanninga skal innrettast. I artikkel 28 nr. 1 er det slått fast som overordna prinsipp at «States Parties recognize the right of the child to education». I artikkel 29 nr. 1(a) står det m.a. at utdanninga skal ta sikte på at barnet får utvikla sine talent og men-tale og fysiske evner så langt det går. Det følgjer vidare av barnekonvensjonen artikkel 23 at eit barn som er «mentally or physically disabled» bør ha eit fullverdig liv under forhold som m.a. skal bidra til at det kan delta i samfunnet. Etter artikkel 23 nr. 3 skal hjelp som staten yter til slike barn, m.a. vera innretta slik at barnet har effektiv tilgang til undervisning med tanke på å fremja barnets personlege utvikling.

EMK TP1 artikkel 2 seier at «[n]o person shall be denied the right to education». Jon Fridrik Kjølbro gjer greie for at det kan utgjera ei krenking av TP1 artikkel 2 dersom eit barn ikkje får høve til å motta undervisning på sitt eige språk, såframt det er tale om eit offisielt eller mykje nytta språk i staten.¹⁰

ØSK artikkel 13 nr. 1 gjer klart at partane anerkjenner «the right of everyone to education». Det er eit mål med utdanning at individet skal utviklast, og at det skal bli sett i stand til å bli ein deltakar i samfunnslivet. Dette må òg gjelda for menneske med nedsett funksjonsevne.

Dei omtalte reglane frå internasjonale menneskerettskonvensjonar som er gjorde gjeldande som norsk lov, er altså overordna reglane i opplæringslova og barnehagelova om retten til

⁹ Lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven).

¹⁰ Kjølbro (2017), s. 1258, med tilvising til *Cyprus v. Turkey* (2001).

opplæring i og på teiknspråk. Reglar i norske lover og forskrifter kan derfor ikkje tolkast på ein måte som er i strid med desse konvensjonane.

1.2.5 FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD)

I motsetnad til dei ovannemnde menneskerettskonvensjonane er FNs konvensjon om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne («Convention on the rights of persons with disabilities» – CRPD) ikkje gjort gjeldande som norsk lov gjennom menneskerettslova. Det inneber at private ikkje kan gjera rettslege krav gjeldande med direkte grunnlag i CRPD. I norsk rett er det likevel lang tradisjon for det såkalla presumsjonsprinsippet, dvs. at ein presumerer at norsk rett er i tråd med folkerettslege reglar som staten er bunden av.¹¹ I HR-2018-456-P, ein samrøystes plenumsdom, seier Høgsterett følgjande om presumsjonsprinsippet i avsnitt 103:

Bestemmelsen i [finnmarksloven] § 3 andre punktum innebærer at i den utstrekning ILO-konvensjonen [nr. 169 (1989), Convention concerning indigenous and tribal peoples in independent countries] ikke er inkorporert ved § 3 første punktum, vil den likevel få vesentlig betydning ved anvendelsen av loven. Dette vil også følge av det alminnelige presumsjonsprinsippet, som går ut på at norsk rett så langt som mulig skal tolkes i samsvar med folkeretten.

Derfor er CRPD ein relevant faktor i tolkinga av reglane om teiknspråkopplæring. Dersom reglar i norsk lovverk isolert sett kan tolkast på måtar som både er i tråd og strid med CRPD, må ein på grunn av presumsjonsprinsippet velja tolkinga som er i tråd med CRPD. Dersom det er direkte motstrid mellom CRPD og den norske rettsregelen, vil likevel den norske regelen ha førerang.

CRPD inneheld, ulikt dei ovannemnde menneskerettskonvensjonane, reglar som eksplisitt er meinte å fremja bruk og anerkjenning av teiknspråk, med det som føremål at menneske med nedsett funksjonsevne (her: døvheit og høyrsllehemming) skal få oppfylt sine menneskerettar.

Fleire av artiklane i CRPD nemner teiknspråk eksplisitt. Viktigast i denne samanhengen er artikkel 24 om utdanning, der det i nr. 3(b) og 4 er slått fast at undervisning i og på teiknspråk og anerkjenning av teiknspråk som uttrykk for den språklege identiteten til døvemiljøet er eit middel for å sikra retten til utdanning. Dessutan er det eit mål å rekruttera døde og høyrsllehemma lærarar til undervisninga av døde og høyrsllehemma.

Artikkel 30 tek føre seg retten for menneske med nedsett funksjonseven til å delta i kulturlivet på lik linje med andre (nr. 1), og retten til anerkjenning for deira spesielle språklege og kultu-

¹¹ Mæhle og Aarli (2017), s. 172–173.

relle identitet, medrekna teiknspråk og døvekultur (nr. 4). Slik blir teiknspråk anerkjent som ein kulturberar og identitetsmerke, og ikkje berre som eit kommunikasjonsmiddel. I artikkel 21 bokstav e er teiknspråk nemnt som eit middel for å sikra menneske med nedsett funksjonsevne høve til å utøve ytringsfridom, meiningsfridom og til å kommunisera ved «[r]ecognizing and promoting the use of sign languages». At retten til utdanning etter artikkel 24 blir oppfylt, vil nødvendigvis vera eit sentralt vilkår for at rettane etter artikkel 30 og 21 skal kunna oppfyllest.

I proposisjonen som vart laga i samband med stortingsbehandlinga av ratifikasjonen av CRPD, er det ei kort og overflatisk vurdering av tilhøvet mellom CRPD artikkel 24 og opplæringslova §§ 2-6 og 3-9:

Rett til tilpasset opplæring og spesialundervisning, sammen med rettighetene til punktskrift og tegnspråkopplæring (opplæringsloven §§ 2-6, 2-14, 3-9 og 3-10) gir elevene rettigheter som omfatter og til dels går utover de rettigheter som gis gjennom artikkel 24 i konvensjonen.¹²

Tilhøvet mellom CRPD og reglane om teiknspråkopplæring i opplæringslova og barnehage-lova blir teke opp fleire stader seinare i oppgåva.

1.2.6 Generelle kommentarar frå FNs barnekomité og CRPD-komiteen

Både for barnekonvensjonen, CRPD og andre FN-konvensjonar om menneskerettar er det oppretta komitear som del av gjennomføring- og overvakingssystemane for konvensjonane, jf. barnekonvensjonen artikkel 43 og CRPD artikkel 34. Som del av oppfølginga offentliggjør komiteane såkalla *generelle kommentarar* («General Comments») der dei gjer greie for sitt syn på korleis konvensjonsføresegnene skal tolkast. Dei generelle kommentarane er ikkje bindande for konvensjonspartane, men dei er likevel relevante rettskjelder når ein skal fastleggja innhaldet i konvensjonane. Høgsterett har nyleg kommentert rettskjeldeverdien til generelle kommentarar frå FNs barnekomité:

[Jeg nevner] at Høyesterett i en rekke saker har lagt til grunn at General Comments fra barnekomiteen er en relevant rettskilde når innholdet av konvensjonsforpliktelsene skal fastlegges. Hvilken vekt som skal legges på uttalelsene, beror blant annet på hvor godt de er forankret i konvensjonsteksten. Et annet sentralt moment er om det dreier seg om tolkningsuttalelser, eller om uttalelsen mer må sees som en tilråding om optimal praksis på konvensjonens område.¹³

¹² Prop. 106 S (2011–2012), s. 20.

¹³ HR-2018-2096-A, avsnitt 14.

Eg viser òg til følgjande utsegn frå Høgsterett i storkammer om konvensjonstolkingar frå FNs menneskerettskomité, i ei sak der det galdt tolking av FNs internasjonale konvensjon om sivile og politiske rettar (SP):

*På bakgrunn av det jeg her har gjennomgått av forarbeidene til menneskerettsloven, finner jeg det klart at en konvensjonstolking foretatt av FNs menneskerettskomité må ha betydelig vekt som rettskilde.*¹⁴

I Rt. 2009 s. 1261, der Høgsterett måtte ta stilling til rettskjeldeverdien til ein generell kommentar frå FNs barnekomité, stadfestar Høgsterett i avsnitt 41 standpunktet frå 2008-dommen, men presiserer at det likevel er «på det rene at komitéuttalelser generelt ikke er folkerettslig bindende».

Høgsterett har ikkje uttalt seg spesifikt om rettskjeldeverdien til generelle kommentarar frå CRPD-komiteen. Både barnekonvensjonen, SP og CRPD er del av FNs konvensjonssystem, og eg legg derfor til grunn at generelle kommentarar frå CRPD har ein tilsvarende verdi når det gjeld å fastleggja innhaldet i CRPD. Det er like fullt slik at barnekonvensjonen og SP er gjorde gjeldande som norsk lov gjennom menneskerettslova, noko CRPD ikkje er. Derfor er generelle kommentarar frå barnekomiteen og menneskerettskomiteen isolert sett vektigare rettskjelder i norsk rett enn generelle kommentarar frå CRPD-komiteen.

1.2.7 Fråsegner frå Sivilombodsmannen

Sivilombodsmannen har relativt nyleg kome med to fråsegner som gjeld retten til teiknspråk-opplæring etter opplæringslova.¹⁵ Sivilombodsmannen har som lovpålagd rolle å kontrollere og ta stilling til korleis offentleg forvaltning etterlever rettsreglane. Etter sivilombodsmannslova¹⁶ § 5 kan Sivilombodsmannen ta opp saker anten etter klage eller av eige tiltak. Fråsegner frå Sivilombodsmannen er ikkje bindande for forvaltninga.

Erik Boe viser særleg til at Sivilombodsmannens rolle som rettskontrollør taler for at fråsegner derfrå har ein plass som rettskjelde, og viser i den samanhengen til Rt. 1977 s. 1035 (sjukejournaldommen).¹⁷ Det finst mange døme på at Høgsterett viser til fråsegner frå Sivilombodsmannen som ei rettskjelde blant dei andre. To nokså nye døme er HR-2016-2346-A avsnitt 90 og Rt. 2015 s. 795 avsnitt 30.

¹⁴ Rt. 2008 s. 1764, avsnitt 81.

¹⁵ Sak 2016/1689 og 2017/2040.

¹⁶ Lov 22. juni 1962 nr. 8 om Stortingets ombudsmann for forvaltningen (sivilombudsmannsloven).

¹⁷ Boe (2010), s. 348–349.

1.2.8 Rettleiarar, rundskriv o.l. frå forvaltninga

Rettleiarar, rundskriv o.l. frå forvaltninga har isolert sett låg vekt som rettskjelde. Dei gjev likevel nyttig informasjon kva forvaltninga meiner er rett lovtolking, og ofte også om korleis forvaltninga faktisk tolkar rettsreglane på eit felt. I denne oppgåve vil det bli vist til rettleiingar og rundskriv frå utdanningsmyndigheitene, der det er relevant. Jamvel om rettskjeldeverdien er avgrensa, kan informasjonsverdien vera høg.

1.2.9 Mangel på rettspraksis

Noko som kjenneteiknar rettskjeldebiletet når det gjeld retten til teiknspråkopplæring, er mangelen på rettspraksis. Det finst ingen høgsterettsdommar som gjeld temaet. Søk i Lovdata PRO gjev heller ingen treff på underrettsdommar som gjeld retten til teiknspråkopplæring. I mangel av rettspraksis vil andre rettskjelder vega desto tyngre.

1.3 Anerkjenning av norsk teiknspråk over tid

Dei siste tiåra har norsk teiknspråk vorte anerkjent på fleire område. Det har kome både ei språkvitskapleg, pedagogisk og politisk anerkjenning. Desse prosessane har vore gradvise.

Brukarar av norsk teiknspråk utgjer ein språkleg minoritet i Noreg. Norges Døveforbund går ut frå at det er ca. 5000 døve som bruker norsk teiknspråk, og ca. 16 500 brukarar til saman.¹⁸ I tillegg til dei døve brukarane kjem altså høyrande, som fordeler seg på m.a. familiemedlemmer og vener av teiknspråkbrukarar og fagfolk som teiknspråktolkar, lærarar osv.

Teiknspråklingvistane Wendy Sandler og Diane Lillo-Martin har uttrykt at det at teiknspråk er «natural languages in the same sense as spoken languages seems now to be beyond any doubt».¹⁹ Språkbrukarar tileignar seg teiknspråk på lik linje med talespråk dersom dei blir eksponerte for teiknspråk når dei veks opp, og teiknspråk kan brukast i dei same typane språkbrukssituasjonar som talespråk.²⁰ Teiknspråk er gestuelt-visuelle språk (i motsetnad til talte språk, som er vokalt-auditive), dvs. at teiknspråk blir artikulerte ved hjelp av hendene og kropps-, munn- og andletsrørsler i staden for med taleorgana, og dei blir oppfatta med synet i staden for høyrsla.²¹ Frå slutten av 1950-åra la den amerikanske lingvisten William Stokoe merke til at amerikansk teiknspråk hadde grunnleggjande strukturelle drag felles med tale-

¹⁸ Norges Døveforbund. Kjelde: <http://doveforbundet.no/hvor-mange-bruker-norsk-tegnsprik-i-norge>

¹⁹ Sandler og Lillo-Martin (2006), s. 3.

²⁰ Sandler og Lillo-Martin (2006), s. 3–4.

²¹ Vonen (1997), s. 2–3.

språk.²² Oppdaginga førte til at språkvitskapen gjekk bort frå kriteriet om at språk måtte vera lydbaserte.²³

På 1800-talet vart det skipa fleire døveskolar i Noreg. Frå slutten av 1800-talet og heilt til rundt 1970 var det allment godteke blant døvelærarar at hovudføremålet med undervisninga av døde elevar var at dei skulle læra norsk talespråk. Teiknspråk skulle ikkje spela noka anna rolle i undervisninga utover å vera eit hjelpemiddel. I 1970-åra fekk teiknbasert kommunikasjon ein større plass i dødeundervisninga, men då i form av såkalla *teiknspråknorsk*, eit konstruert teiknsystem basert på norsk talespråkgrammatikk med bruk av teikn frå norsk teiknspråk.²⁴

I Noreg vart teiknspråkforskinga etablert i 1980-åra. Med det oppstod eit auka medvit om at teiknspråk ikkje var ei mindreverdig kommunikasjonsform, og frå same tid vann det synet fram at teiknspråk burde ha ein sentral plass i undervisninga av døde barn. Dette synet manifesterte seg med grunnskoleforskrifta § 2-4, som gav «[h]ørselsheмма barn som har teiknspråk som førstespråk», rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk, med verknad frå skoleåret 1997/1998. Samstundes vart det innført ein eigen læreplan i teiknspråk som førstespråk og eigne læreplanar i norsk, engelsk og i drama og rytmikk for høyrslheмма.²⁵ På denne måten hadde både ei politisk og pedagogisk anerkjenning av norsk teiknspråk manifestert seg.

Dei siste tiåra har det skjedd endringar som har hatt mykje å seia for dødeundervisninga. Tradisjonelt gjekk døde barn på eigne døveskolar. Over tid gjekk talet på fulltidselevar på desse skolane ned.²⁶ I 2017 vart den siste statlege grunnskolen for døde elevar nedlagd.²⁷ Dette inneber at endå fleire elevar enn før må få teiknspråkopplæring i regi av skolen i heimkommunen, noko som gjer det utfordrande å skape gode teiknspråkmiljø å gje opplæringa i.²⁸ I dag organiserer Statped (statleg spesialpedagogisk teneste underlagd Utdanningsdirektoratet) deltidstilbod for høyrslheмма elevar som har behov for opplæring i teiknspråkleg miljø. Tilbodet finst som både deltidsopphald nokre veker i året og fjernundervisning. Deltidsopphaldet omfattar butilbod for barnet og foreldra, tilbod om teiknspråkopplæring for foreldre og søsken, og kurstilbod for lærarar på bustadskolen til eleven.²⁹

²² Vonen (1997), s. 3.

²³ Vonen (1997), s. 6.

²⁴ Vonen (1997), s. 9.

²⁵ Vonen (1997), s. 13–14.

²⁶ Språkrådet (2012), s. 112.

²⁷ Raanes (2018), s. 525.

²⁸ Språkrådet (2012), s. 112.

²⁹ Statped: <http://www.statped.no/tjenester/deltidsopplaring/> (med undersider).

Sidan slutten av 1980-åra har stadig fleire døve, medrekna små barn, fått innoperert såkalla kokleaimplantat (CI). Implantatet gjev dei ei kunstig høyrse, men likevel slik at dei som hovudregel framleis må reknast som tunghøyrde. I stortingsmeldinga *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* er det lagt til grunn at dette derfor ikkje vil gjera teiknspråk overflødig for denne gruppa, og det blir vist til at medisinske evalueringar og språkvitskaplege studiar har gjeve konklusjonar som taler for at CI-opererte barn treng tilgang til teiknspråk for å få ei god språkutvikling.³⁰ Det er likevel ulike syn på dette i fagmiljø, noko som blir beskrive i stortingsmeldinga *Læring og fellesskap. Tidlig og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlege behov*:

*Foreldre til barn med CI opplever at de får forskjellige råd om språkutvikling med eller uten bruk av tegnstøtte og/eller tegnspråk fra pedagogiske, psykologiske og medisinske profesjoner. Det er uenighet om faglige vurderinger, og forskning tolkes ulikt. Foreldrene opplever å komme i et krysspress og blir del av en mer ideologisk diskusjon om hva som fremmer tidlig kommunikasjon, tospråklighet og kognitiv utvikling. Motstridende råd gir foreldre uro og bekymringer.*³¹

Ein grunnleggjande premiss bak reglane i opplæringslova og barnehagelova om rett til opplæring i og på teiknspråk er at norsk teiknspråk er politisk anerkjent som eit fullverdig språk i lingvistisk forstand. Eit tidleg klart signal kom ei utsegn i ei stortingsmelding frå 1985:

*Ein har tidlegare ikkje hatt særleg kunnskap om språket til dei døve, og heller ikkje rekna det som eit sjølvstendig språk. Det er først dei siste 15-20 åra at forskinga har interessert seg for dette teiknspråket. Denne forskinga har vist at teiknspråket til dei døve må jamstillast med andre språk. Når no dette teiknspråket blir akseptert som språk, må det få visse konsekvensar for opplæringa av døve barn. Mellom anna bør det vurderast korleis døve meir kan trekkjast inn i undervisninga av døve.*³²

Utgreiinga frå utvalet som førebudde opplæringslova, seier lite om teiknspråk og teiknspråk-opplæring. Men også utvalet slo klart fast at det såg på teiknspråk som eit fullverdig språk:

*Synet på tegnspråk har i løpet av de siste 20 årene endret seg, fra å ses på som et «hjelpemiddel» i tilegnelsen av [norsk språk] til å bli sett på som et eget fullverdig språk. Denne forståelsen av språket ligger blant annet til grunn for grunnskoleforskriften § 2[-]4.*³³

³⁰ St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 233–235.

³¹ Meld. St. 18 (2010–2011), s. 86.

³² St.meld. nr. 61 (1984–1985), s. 28.

³³ NOU 1995: 18, s. 152.

Dette synet slutta departementet seg til i proposisjonen med framlegg opplæringslova.³⁴

I språkmeldinga *Mål og meining* er det uttrykt at fremjing av norsk teiknspråk både er å rekna som del av politikken overfor menneske med funksjonsnedsetjingar og som språkpolitikk.³⁵ I språkmeldinga vart det vidare varsla at regjeringa ønskte å lovfesta ein status for norsk teiknspråk gjennom ei allmenn språklov, men likevel slik at detaljregulering av rettar for teiknspråkbrukarar skal følgja av særlovgeving.³⁶ Ei slik statusheving for norsk teiknspråk blir beskriven slik:

*For norsk teiknspråk vil ei slik løysing i seg sjølv innebera ei klar statusheving gjennom overordna lovforankring, og dessutan ei tydeleg markering av at omsynet til norsk teiknspråk og norske teiknspråkbrukarar for framtida skal inngå som ein integrert del av ein samla språkpolitikk i Noreg.*³⁷

I komitébehandlinga i Stortinget slutta ein samrøystes familie- og kulturkomité seg til desse synsmåtane.³⁸

1.4 Rettsleg plassering og tematiske avgrensingar

1.4.1 Avgrensing mot reglane om spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp
Før opplæringslova av 1998 vart teiknspråkundervisning definert som spesialundervisning. Paragraf 2-4 om teiknspråkopplæring i grunnskoleforskrifta av 1989 hadde heimel i § 8 om spesialundervisning i grunnskolelova av 1969.

I opplæringslova er føresegnene for teiknspråkopplæring, §§ 2-6 og 3-9, plasserte utanfor kapittel 5, som inneheld føresegner om spesialundervisning. Det følgjer såleis av sjølve lovstrukturen at opplæring i og på teiknspråk ikkje er å rekna som spesialundervisning i opplæringslovas forstand. Tilhøvet mellom teiknspråkopplæring og spesialundervisning er teke opp i førearbeida til § 3-9:

*Rettane etter § 2-6 og § 3-9 er særlege rettar for elevar med teiknspråk som førstespråk, og må slik sett avgrensast mot retten til spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova. Opplæring etter § 2-6 og § 3-9 er dermed ikkje spesialundervisning i lovteknisk forstand.*³⁹

³⁴ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 35.

³⁵ St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 233.

³⁶ St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 236.

³⁷ St.meld. nr. 35 (2007–2008), s. 237.

³⁸ Innst. S. nr. 184 (2008–2009), s. 44.

³⁹ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 11.

Barnehagelova § 19 h om teiknspråkopplæring er plassert i kapittel V A, som òg inneheld føresegner om spesialpedagogisk hjelp. I førearbeida er det like fullt klart slått fast at teiknspråkopplæring ikkje er å rekna som eit spesialpedagogisk tiltak.⁴⁰

Det at teiknspråkopplæring ikkje er å rekna som spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp, inneber ikkje at barn som får teiknspråkopplæring, ikkje også kan vera mottakarar av spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp. I så fall må dei generelle vilkåra etter opplæringslova § 5-1 første ledd («ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære undervisningstilbodet») eller barnehagelova § 19 a første ledd («særlige behov for det») vera oppfylte. I førearbeida til opplæringslova er det då understreka at «for denne elevgruppa vil [det vanlege opplæringstilbodet] mellom anna vere det læreplanverket som blir utvikla i sentrale fag for teiknspråklege elevar».⁴¹

Retten til teiknspråkopplæring og retten til spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp er separate rettar, men må like fullt sjåast i samanheng med kvarandre. Det fører med seg at barn med rett til teiknspråkopplæring òg har rett til få eventuell spesialundervisning eller spesialpedagogisk hjelp *på teiknspråk*.

I somme tilfelle kan barn òg ha rett til å få teiknspråkopplæring i form av spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 eller spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a. Dette blir teke kort opp i kapittel 6.

1.4.2 Avgrensing mot reglane om alternativ og supplerande kommunikasjon

Opplæringslova §§ 2-16, 3-13 og 4A-13, friskolelova § 3-14 og barnehagelova § 19 i inneheld reglar om *alternativ og supplerande kommunikasjon* (ASK). I desse føresegnene er vilkåret at den som skal få undervisning, heilt eller delvis manglar funksjonell tale og har behov for ASK.

I førearbeida er det presisert at ASK m.a. kan innebera bruk av handteikn.⁴² Eit system for kommunikasjon ved hjelp av handteikn er *norsk med teiknstøtte* (NMT – òg kalla *teikn-til-tale*). Dette er ei kommunikasjonsform som baserer seg på norsk talespråk, med bruk av teikn som i stor grad er henta frå norsk teiknspråk, som visuell støtte. Statped presiserer at NMT

⁴⁰ Prop. 103 L (2015–2016), s. 54.

⁴¹ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 11.

⁴² Prop. 84 L (2011–2012), s. 56, 57 og 60; Prop. 67 L (2017–2018), s. 64.

ikkje er eit eige språk, og at føremålet er å støtta opp om talespråket.⁴³ ASK med bruk av handteikn blir derfor halde utanfor drøftingane i denne oppgåva.

⁴³ Statped (2018a).

2 Vilkår for retten til teiknspråkopplæring

2.1 Felles vilkår i opplæringslova og barnehagelova

Opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h inneheld vilkår for rett til opplæring i og på teiknspråk som i all hovudsak er likelydande. Dei tre paragrafane har desse elementa felles på vilkårssida. For det første er det to alternative vilkår som må oppfyllest av barnet:

- Barnet har teiknspråk som førstespråk.
- Barnet har etter sakkunnig vurdering behov for teiknspråkopplæring.

Vidare er det eitt vilkår på kommunens (opplæringslova § 2-6 og barnehagelova § 19 h) eller fylkeskommunens (opplæringslova § 3-9) side som må vera oppfylt før det kan gjerast vedtak om teiknspråkopplæring:

- Det må liggja føre ei sakkunnig vurdering før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om opplæring i og på teiknspråk.

Ettersom vilkårssida i det vesentlege er identisk etter alle dei tre paragrafane, er det mest nærliggjande å behandla vilkårssida samla, her i kapittel 2. I kapittel 3, 4 og 5 er retten til teiknspråkopplæring etter dei tre paragrafane behandla separat.

2.2 Vilkåret om teiknspråk som «førstespråk»

2.2.1 Kva er «førstespråk» i rettsleg forstand?

Det er felles for alle tre paragrafane at det eine vilkåret for at eit barn skal ha rett til opplæring i og på teiknspråk, er at det har teiknspråk som «førstespråk». Ordlyden «førstespråk» er isolert sett lite informativ. Han seier i seg sjølv ikkje om det inneber at dei føresette eller barnet sjølv har gjort eit val om ha teiknspråk som opplæringsspråk, eller om det tale om at barnet har teiknspråk som førstespråk/morsmål i lingvistisk forstand, eller om det er tale om det første språket barnet har lært i oppveksten – eller om alt dette er omfatta av ordlyden. Det krevst derfor at ein går til andre rettskjelder enn lovteksten for å fastleggja kva det inneber i rettsleg forstand å ha teiknspråk som «førstespråk».

Vilkåret «som har teiknspråk som førstespråk» var det einaste vilkåret i opplæringslova § 2-6 første ledd då lova vart vedteken i 1998. Seinare har førstespråkvilkåret vorte innført i opplæringslova § 3-9 første ledd og barnehagelova 19 h første ledd.

I førearbeida til § 2-6 første ledd er det gjort greie for at ein meinte å vidareføra rettstilstanden frå grunnskoleforskrifta § 2-4 første ledd. Verken i proposisjonen,⁴⁴ komitéinnstillinga⁴⁵ eller grunnskoleforskrifta § 2-4 er det tematisert kva som ligg i førstespråkomgrepet, dvs. om det er noko som skal veljast for eleven, eller om det er ein eigenskap ved barnet før det tek til med teiknspråkopplæringa.

Opplæringslova § 3-9 om retten til teiknspråkopplæring i vidaregåande skole vart føydd til opplæringslova ved endringslov 17. september 1999 nr. 74. Paragraf 3-9 vart såleis førebudd før opplæringslova tok til å gjelda 1. august 1999. Dette taler for førearbeida til denne endringslova⁴⁶ har høg rettskjeldeverdi i tolkinga av § 2-6, som enno ikkje hadde teke til å gjelda då forslaget til endringslov vart framlagt for Stortinget.

I samband med vurderinga av innhaldet i den sakkunnige vurderinga etter §§ 2-6 og 3-9, omtalt i 2.5, uttrykkjer departementet klart under overskrifta «Kravet om sakkunnig vurdering før vedtak etter § 2-6 og § 3-9» at det skal gjerast eit språkval for eller av eleven:

*Departementet gjer merksam på at den sakkunnige vurderinga etter § 3-9 ikkje skal ta stilling til sjølv språkvalet til eleven. Det er eleven si eiga oppfatning av språkleg identitet som er avgjerande her.*⁴⁷

Denne forståinga av «førstespråk» er òg lagd til grunn i forskrift til opplæringslova §§ 6-18 tredje ledd og 6-41 andre ledd. Begge stader vart éin identisk ordlyd teken inn då forskrifta vart vedteken i 2006: «Den sakkunnige vurderinga skal ikkje ta stilling til sjølv språkvalet til eleven. Det er eleven si eiga oppfatning av språkleg identitet som er avgjerande her.»

I førearbeida til barnehagelova § 19 h blir det klart uttrykt at teiknspråk som førstespråk er eit val som skal gjerast: «I avgjørelsen av hva som er barnets førstespråk, vil barnets og foreldrenes oppfatning av språklig identitet være avgjørende, jf. FNs barnekonvensjon artikkel 12 og barneloven § 30.»⁴⁸ I særmerknadene til § 19 h er det òg presisert at valet av første språk «er en avgjørelse som er overlatt til barnet og foreldrene». Vidare blir det vist til at «[v]ilkårene for rett til tegnspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder er gjennom ny § 19 [h] gjort tilsvarende som i skolen, jf. opplæringsloven § 2-6».⁴⁹ I fråsegna i sak 2016/1689, som

⁴⁴ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998).

⁴⁵ Innst. O. nr. 70 (1997–1998).

⁴⁶ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), Innst. O. nr. 92 (1998–1999).

⁴⁷ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 11.

⁴⁸ Prop. 103 L (2015–2016), s. 54.

⁴⁹ Prop. 103 L (2015–2016), s. 71.

gjeld forståinga av «førstespråk» etter opplæringslova § 2-6, viser Sivilombodsmannen til den ovannemnde utsegna frå førearbeida til barnehagelova § 19 h. Sivilombodsmannen ser altså det som er eit etterarbeid til opplæringslova §§ 2-6 og 3-9, som relevant for forståinga av kva som ligg i «førstespråk» i føresegnene i opplæringslova.

Eit viktig bakteppe for føresegnene om teiknspråk som «førstespråk» i opplæringslova, er læreplanverket for grunnskolen som vart fastsett i samband med Reform 97. Ordet «førstespråk» kan då sjåast i samanheng med læreplanterminologien. Med Reform 97 vart det fastsett ein eigen læreplan for faget *teiknspråk som førstespråk*.⁵⁰ Terminologien i lovteksten bør sjåast i samanheng med terminologien i læreplanverket. Det er nærliggjande å rekna dette som ein uuttalt føresetnad for førearbeida til opplæringslova § 2-6.

Etter dette er konklusjonen at teiknspråk som «førstespråk» i rettsleg forstand er eit val av opplæringsspråk som dei føresette eller barnet sjølv må gjera.

Det at teiknspråk som førstespråk er eit val som blir gjort i opplæringssamanheng, inneber at barn med teiknspråk som «førstespråk» kan ha svært ulike teiknspråklege utgangspunkt. For dei mange døve og høyrslheemma barna som veks opp i familiar og miljø utan teiknspråk, vil retten til å ha teiknspråk som førstespråk i opplæringssamanheng nettopp vera med på å sikra at dei i det heile teke får høve til å læra seg teiknspråk. Det er derfor fullt mogleg at barn har teiknspråk som «førstespråk», men likevel meistarar norsk talespråk betre enn norsk teiknspråk.

Dei internasjonale rettskjeldene legg føringar for korleis reglane om vedtak om teiknspråk-opplæring skal tolkast. Ei forståing av reglane som gjev kommunane og fylkeskommunane eit vidt spelerom med tanke på å ta stilling til sjølve valet av teiknspråk som førstespråk, ville vera problematisk. CRPD artikkel 24 nr. 3(b og c) forpliktar staten til å leggja til rette for undervisning i og på teiknspråk. Eit vidt kommunalt eller fylkeskommunalt spelerom ville dessutan vera i strid med plikta etter CRPD til å fremja ytrings- og meningsfridom ved å anerkjenna og fremja bruk av teiknspråk, jf. artikkel 21 bokstav e, og i strid med plikta til anerkjenna og støtta teiknspråk og døvekultur etter med tanke på deltaking i kulturliv, fritidsaktivitetar m.m., jf. artikkel 30 nr. 4. Adekvat teiknspråkopplæring i utdanningssystemet er ein føresetnad også for bruk av teiknspråk på andre samfunnsområde og i privatlivet. CRPD er, som før nemnt, ikkje gjort til norsk lov gjennom menneskerettslova, men prinsippa i konvensjonen taler klart for ei tolking av kravet om sakkunnig vurdering der respekt for foreldras eller barnets val om teiknspråk som førstespråk ikkje skal overprøvast i den sakkunnige vur-

⁵⁰ Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (1996a), s. 130–149.

deringa, jf. 2.5. Konvensjonspliktene etter CRPD taler såleis sterkt for at kommunen eller fylkeskommunen ikkje skal ha ein overprøvings- eller portvaktarfunksjon.

Barnekonvensjonen artikkel 23 nr. 1 tek sikte på at barn med funksjonshemming bør ha fullverdige liv som sjølvstendige menneske som deltek aktivt i samfunnet. Etter nr. 2 skal dei ha rett til særleg omsorg, og deira omsorgspersonar skal få rimeleg hjelp frå samfunnet. Etter nr. 3 skal hjelpa innrettast slik at dei m.a. mottok undervisning på ein måte som skal fremja sosial integrering og personleg utvikling. Barnekonvensjonen artikkel 23 dreg altså i same retning som CRPD artikkel 24 nr. 3(b og c).

EMK TP1 artikkel 2 første punktum har ein svært generell ordlyd: «No person shall be denied the right to education.» Ei rein ordlydstolking inneber at ein døv eller høyrslhemma som får utdanning utan teiknspråkopplæring eller med mangelfull teiknspråkopplæring, ikkje har vorte nekta rett til utdanning. EMD har i *Cyprus v. Turkey* (2001) uttalt at det kan utgjera ei krenking dersom eit barn blir nekta å få undervisning på sitt eige språk. I den konkrete saka var det tale om gresktalande barn som budde på det tyrkiskkontrollerte Nord-Kypros, ikkje hadde høve til å få utdanning på gresk etter at dei hadde fylt 12 år utan å forlata Nord-Kypros. EMD uttrykkjer seg slik:

Having assumed responsibility for the provision of Greek-language primary schooling, the failure of the "[Turkish Republic of Northern Cyprus]" authorities to make continuing provision for it at the secondary-school level must be considered in effect to be a denial of the substance of the right at issue. It cannot be maintained that the provision of secondary education in the south in keeping with the linguistic tradition of the enclaved Greek Cypriots suffices to fulfil the obligation laid down in Article 2 of Protocol No. 1, having regard to the impact of that option on family life [...].⁵¹

EMD kom til at det utgjorde ei krenking av TP1 artikkel 2 «in respect of Greek Cypriots living in northern Cyprus in so far as no appropriate secondary-school facilities were available to them».⁵² I dommen la EMD altså avgjerande vekt på at styresmaktene på Nord-Kypros hadde teke på seg («assumed») eit ansvar for å tilby greskspråkleg undervisning på barneskolen, men så ikkje følgde opp med utdanningstilbod for eldre barn.

I Noreg har lovgjevaren gjennom opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h teke på seg eit ansvar for å tilby barn opplæring i og på teiknspråk. EMD-dommen kan rett nok forståast slik at det krenkinga først og fremst ligg i, er at barna berre har fått utdanning på

⁵¹ *Cyprus v. Turkey* (2001), avsnitt 278.

⁵² *Cyprus v. Turkey* (2001), avsnitt 280.

gresk inntil eit visst punkt, og at dei så må halda fram med utdanning på eit anna språk, med dei vanskane det kan føra med seg. Men dommen kan òg forståast slik at det kan utgjera ei krenking i seg sjølv når barn i det heile ikkje får utdanning på eit språk som staten har «assumed responsibility» for. Ein kan argumentera for at ved å gje barn rett til opplæring i og på teiknspråk, dvs. ved å gjera det til eit lovfesta opplæringsspråk, har norsk teiknspråk ein slik status at ein rett til opplæring i og på norsk teiknspråk kan tolkast inn i EMK TP1 artikkel 2.

Samla sett er det i tråd med dei menneskerettslege pliktene at valet av teiknspråk som «førstespråk» etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h er overlate til barnet og dei føresette, noko som kan sikrast gjennom val av teiknspråk som «førstespråk» i opplæringssamanheng.

2.2.2 Kven som vel førstespråk – barnets medverknad i språkvalet

Ettersom teiknspråk som førstespråk er eit val av opplæringsspråk for barnet, må dette valet gjerast anten av nokon på vegner av barnet eller av barnet sjølv. Graden av medverknad frå barnets side vil variera med alder og mognad.

Opplæringslova inneheld ikkje reglar som seier noko om når eleven sjølv kan velja om vedkomande skal ha teiknspråk som førstespråk eller ikkje. Opplæringslova inneheld elles reglar om når elevar sjølve kan søkja om fritak frå delar av undervisning p.g.a. religion eller livssyn (15 år, § 2-3 a sjette ledd), val av skriftleg hovudmål og målform i lærebøker (8. årstrinn, § 2-5 første og tredje ledd), opplæring i finsk (kvensk) språk (8. årstrinn, § 2-7 første ledd), opplæring i og på samisk (8. årstrinn, § 6-2 sjette ledd) og søknad om inntak til vidaregåande opplæring (15 år, § 3-1 første ledd). Ein ser altså at føresegner i opplæringslova som gjeld val av opplæringsspråk, overlèt valet til eleven sjølv frå og med 8. årstrinn.

Det følgjer av barnelova⁵³ § 32 at «[b]arn som er fylt 15 år, avgjer sjølv spørsmål om val av utdanning [...]». I førearbeida til opplæringslova § 3-9 har departementet lagt til grunn at 15-årsgrensa òg gjeld for val av teiknspråk som opplæringsspråk.⁵⁴ Barnelova § 31 inneheld både prinsipp og reglar om når barn skal høyrast og informerast i saker som gjeld personlege forhold. Viktigast er det skal leggjast større vekt di eldre barnet er, og frå fylte 12 år «skal det leggjast «stor vekt på kva barnet meiner», jf. § 31 andre ledd tredje punktum.

Desse reglane har elles støtte i Grunnlova § 104 første ledd og barnekonvensjonen artikkel 12 nr. 1, som begge slår fast at barn har rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei sjølve, og at

⁵³ Lov 8. april 1981 nr. 7 om foreldre og barn (barnelova).

⁵⁴ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 11

vekta som skal leggjast på meininga, er avhengig av alder og utviklingssteg/mognad. Det følger òg av CRPD artikkel 7 nr. 3 at barn med nedsett funksjonsevne skal høyrast, og at synspunkta skal tilleggjast vekt etter alder og mognad. Dei har òg krav på hjelp som er tilpassa deira nedsette funksjonsevne, slik at dei faktisk kan utøva retten til å uttala seg om eigne personlege forhold.

Når ein held dette saman med andre reglar i opplæringslova om språkval og reglen i barnelova § 32 andre ledd om at det skal leggjast stor vekt på meininga til barn over 12 år, taler det for at barn over 12 år, og i endå større grad dei som har byrja på 8. årstrinn, skal ha stor innverknad på avgjerda. I sak 2017/2040, som galdt ein elev på ca. 8 år, uttalte Sivilombodsmannen at barns rett til å medverka i eiga sak er grunnleggjande.

2.2.3 Er høyrande teiknspråklege barn omfatta av vilkåret?

Om ein legg ordlyden i opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h til grunn, kan han tolkast slik at barn som har teiknspråk som førstespråk/morsmål i lingvistisk forstand, er omfatta. Teiknspråk som førstespråk i lingvistisk forstand, er ikkje kopla til døvheit eller høyrsllehemming hos språkbrukaren. Det er fullt mogleg for høyrande barn som veks opp i teiknspråklege miljø, og som blir eksponerte for teiknspråk i kvardagen, å tileigna seg norsk teiknspråk som førstespråk i lingvistisk forstand ved sida av norsk. Dette vil mest typisk gjelda høyrande barn av teiknspråklege foreldre.

Lovutvalet som førebudde opplæringslova, anerkjende at høyrande teiknspråklege barn kan ha behov for teiknspråkopplæring: «Utvalget vil for øvrig bemerke at tegnspråkopplæring kan være ønskelig også for hørende barn av hørselshemmede foreldre.» Utsegna vart likevel ikkje følgt opp med noko konkret framlegg om ein slik rett. Utvalet føreslo ikkje noka separat regulering av teiknspråk i det heile i sitt framlegg til ny opplæringslov, men nøgde seg med å føreslå ein forskriftsheimel som òg kunne opna for å gje nærare reglar om teiknspråkopplæring.⁵⁵

Som nemnt i 2.2.1 meinte ein å vidareføra rettstilstanden frå grunnskoleforskrifta § 2-4 då retten til teiknspråkopplæring i grunnskolen vart lovfesta i opplæringslova § 2-6. I grunnskoleforskrifta § 2-4 første ledd var det «[h]ørselshemma barn» som er rettighetssubjekt etter regelen. Forskrift til opplæringslova § 1-1 første ledd bokstav d slår fast at elevar med teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6 har rett til opplæring etter læreplanane for norsk teiknspråk og læreplanane i norsk, engelsk og drama og rytmikk for høyrsllehemma. Ein tilsvarende regel finst i forskrift til opplæringslova § 1-3 første ledd bokstav a for elevar som

⁵⁵ NOU 1995: 18, s. 152.

etter opplæringslova § 3-9 får teiknspråkopplæring på ein knutepunktskole. Jamvel ordlyden i forskrifta er «har rett til», tolkar Utdanningsdirektoratet dette slik at elevar som får teiknspråkopplæring etter § 2-6, må følgja alle læreplanane for høyrsllehemma.⁵⁶ For elevar som får teiknspråkopplæring etter § 3-9 seier Utdanningsdirektoratet òg at «[l]æreplanverket og læreplanane for hørselshemmede er bindende og kan ikke velges bort».⁵⁷ Sjå òg drøftinga i 3.2 av forskrift til opplæringslova § 1-1 første ledd bokstav d.

CRPD kan ikkje gjerast gjeldande for høyrande teiknspråkbrukarar, sidan dei fell utanfor den personkrinsen konvensjonen skal fremja menneskerettane til, jf. artikkel 1 andre avsnitt («those who have long-term physical, mental, intellectual or sensory impairments»). Den indirekte nytten som døve og høyrsllehemma kan ha av at familiemedlemmer får læra teiknspråk, er truleg for indirekte og avleidd til at han kan omfattast av konvensjonen. Vidare kan heller ikkje Grunnlova § 109 første ledd, EMK TP1 artikkel 2, ØSK artikkel 13 nr. 1 gjerast gjeldande for høyrande teiknspråkbrukarar. Desse tre føresegnene har det felles at dei sikrar ein allmenn rett til utdanning. Det blir då lagt til grunn at denne gruppa ikkje har behov for teiknspråkopplæring for å få ei adekvat utdanning. Ein kan spørja seg om formuleringane i barnekonvensjonen artikkel 29 nr. 1(c) om å utvikla respekt for barnets foreldre og barnets kulturelle identitet, språk og verdier kan seiast å leggja føringar. Likevel er konklusjonen at det er ein vesensforskjell mellom det å utvikla respekt for eit språk og det å påleggja staten plikt til å gje opplæring i og på språket for høyrande teiknspråklege barn.

2.3 Behovsvilkåret

Som før nemnt inneheld både opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h endå eit alternativt vilkår for rett til teiknspråkopplæring. Som vist over er vilkåret om teiknspråk som førstespråk meint å dekkja tilfelle der dei føresette eller barnet sjølv vel å ha teiknspråk som førstespråk i opplæringa. Vilkåret om rett til teiknspråkopplæring ved behov for slik opplæring etter ei sakkunnig vurdering må altså vera meint å dekkja tilfelle der det ikkje blir gjort eit val om teiknspråk som førstespråk for eit døvt eller høyrsllehemma barn.

Ulikt førstespråkvilkåret vart behovsvilkåret teke inn i opplæringslova etter at lova først vart vedteken. Behovsvilkåret kom først inn i § 3-9 første ledd då heile § 3-9 om teiknspråkopplæring i vidaregåande skole var føydd til opplæringslova ved endringslov 17. september 1999 nr. 74. Det var først ved endringslov 20. juni 2008 nr. 48 dette vilkåret vart teke inn i § 2-6 om teiknspråkopplæring i grunnskolen. Eit tilsvarande vilkår for barn under opplæringspliktig alder kom ikkje på plass før barnehagelova § 19 h vart vedteken i 2016.

⁵⁶ Utdanningsdirektoratet (2016).

⁵⁷ Utdanningsdirektoratet (2015).

Behovsvilkåret var ikkje del av lovframlegget frå departementet til § 3-9.⁵⁸ Det kom inn i § 3-9 i samband med komitébehandlinga i Stortinget. Komiteen grunngav ikkje framlegget om eit nytt alternativt vilkår for rett til teiknspråkopplæring § 3-9 første ledd. Tillegget kjem inn samstundes som ei anna endring i § 3-9 første ledd, nemleg at ein samrøystes komité òg føreslår at retten til teiknspråkopplæring òg skal gjelda for vaksne elevar i vidaregåande skole: «Retten til tegnspråkopplæring må omfatte ungdom og vaksne som har tegnspråk som førstespråk eller som etter en sakkyndig vurdering trenger slik opplæring.»⁵⁹

I 2008 gjorde departementet framlegg om å ta inn behovsvilkåret òg i § 2-6 første ledd. Forslaget blir for det første beskrive som ei utviding av retten til teiknspråkopplæring, og for det andre slår ein fast at vilkåra for elevar i grunnskolen med dette blir dei same som for elevar i vidaregåande opplæring. Departementet viser òg til høyringsnotatet i saka og utviklinga der stadig fleire døve tek i bruk kokleaimplantat (CI), og at ein med det har fått fleire gråsoneelevar som kan ha eit klart behov for teiknspråkopplæring jamvel om dei «ikke uten videre kan sies å ha bare tegnspråk som førstespråk».⁶⁰ Her er det verdt å merkja seg at departementet gjer bruk av ein førstespråkdefinisjon som ligg nær den lingvistiske, jamvel om den rettslege forståinga av førstespråkomgrepet ikkje er slik, jf. drøftingane i 2.2.1.

I førearbeida til barnehagelova § 19 h er det vist til opplæringslova § 2-6 og vilkåra der. Departementet viste til at vilkåra ikkje bør vera strengare for barn under opplæringspliktig alder enn for skoleelevar, og til at

*[o]gså barn som ikke har begynt på skolen, vil kunne ha behov for å lære seg tegnspråk. Dette gjelder ikke bare barn med tegnspråk som førstespråk, men også andre barn som av ulike grunner vil ha nytte av tegnspråkopplæring.*⁶¹

Førearbeida er svært sparsame om behovsvilkåret for rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 og barnehagelova § 19 h. Som det går fram av 2.2.3, er høyrislehemming eit vilkår for at det skal vera mogleg å velja teiknspråk som førstespråk, noko som kan førast tilbake til grunnskoleforskrifta § 2-4. Det er ikkje like opplagt at behovsvilkåret skal ha som føresetnad at barnet har ei høyrislehemming. For barn med høyrislehemming opnar førstespråkvilkåret nettopp for at det kan gjerast eit val om teiknspråk som førstespråk. For den gruppa vil behovsvilkåret truleg ikkje ha nokon funksjon. Då er det nærliggjande å rekna med

⁵⁸ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 24.

⁵⁹ Innst. O. nr. 92 (1998–1999), s. 2.

⁶⁰ Ot.prp. nr. 40 (2007–2008), s. 33–34.

⁶¹ Prop. 103 L (2015–2016), s. 53–54.

at behovsvilkåret i staden kan vera retta mot barn utan høyrsllehemming som likevel kan ha behov for teiknspråkopplæring. Dette kan i særtilfelle vera særleg aktuelt for barn utan høyrsllehemming dersom dei har ein tilstand som gjer at dei har problem med taleproduksjonen. Mykje taler for at behovsvilkåret isolert sett opnar for at barn utan høyrsllehemming kan vera omfatta av vilkåret. Likevel er innhaldet i retten til teiknspråkopplæring innretta slik at det er direkte retta mot døve og høyrsllehemma, jf. 3.2 og 4.3. Dette gjer at behovsvilkåret samla sett framstår som lite praktisk og gjennomtenkt frå lovgjevarsida, iallfall dersom ein legg til grunn at høyrsllehemma barn med CI-implantat er omfatta av førstespråkvilkåret. Dette inntrykket blir stadfesta når ein ser på kommentaren i Gyldendal Rettsdata til opplæringslova § 2-6: «I tillegg kan det tenkes andre grupper som har behov for slik opplæring. Disse kan etter en sakkyndig vurdering også ha rett på opplæring i og på tegnspråk.»⁶²

Behovsvilkåret omfattar, som nemnt over, at behovet skal stadfestast av ei sakkunnig vurdering. Det følgjer av opplæringslova § 5-6 første ledd at kvar kommune og fylkeskommune skal ha ei pedagogisk-psykologisk teneste (PP-tenesta), og av andre ledd at PP-tenesta har ansvar for at det blir utarbeidd lovpålagde sakkunnige vurderingar. I barnehagelova § 19 h andre ledd er det slått fast at sakkunnige vurderingar i saker som gjeld teiknspråkopplæring, skal utarbeidast av PP-tenesta. I vurderinga etter behovsvilkåret skal det gjerast ei fagleg vurdering av om elevar som ikkje har teiknspråk som «førstespråk», likevel har behov for det.

2.4 Kort om det tidlegare § 2-6 tredje ledd i opplæringslova

Som før nemnt er retten til opplæring i og på teiknspråk for barn under opplæringspliktig alder i dag regulert i barnehagelova § 19 h. Tidlegare regulerte opplæringslova § 2-6 òg retten til teiknspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder, jf. det no oppheva tidlegare tredje ledd: «Barn under opplæringspliktig alder som har særlege behov for teiknspråkopplæring, har rett til slik opplæring. Departementet gir nærmare forskrifter.» Dette leddet vart oppheva ved endringslov 17. juni 2016 nr. 65. Den nye § 19 h i barnehagelova vart vedteken ved same endringslov.

Vilkåret for å ha rett til teiknspråkopplæring var at barnet hadde «særlege behov» for det, dvs. at vurderingstemaet var eit anna enn for elevar i grunnskolen og vidaregåande skole. Barnehagelovutvalet føreslo i 2012 å flytta reglane for teiknspråkopplæring og spesialpedagogisk hjelp for barn under opplæringspliktig alder til barnehagelova utan realitetsendringar.⁶³ Dette

⁶² Raugland og McKiernan (2016), note 37.

⁶³ NOU 2012: 1, s. 15.

vart følgt opp i eit lovframlegg frå Kunnskapsdepartementet som vart sendt på høyring i 2015.⁶⁴

Det fell utanfor emnet for denne oppgåva å ta stilling til nett kva som låg i vilkåret «særlege behov for teiknspråkopplæring» etter den tidlegare § 2-6 tredje ledd, men det var parallelt med vilkåret «særlege behov» i den tidlegare opplæringslova § 5-7 om spesialpedagogisk hjelp for barn under opplæringspliktig alder.⁶⁵ Vilkåret «særlege behov» er dessutan vidareført i den nye barnehagelova § 19 a om spesialpedagogisk hjelp.

I førearbeida til barnehagelova § 19 h uttalte departementet at det var uvisst kvifor det var valt ein anna utforming av vilkåra for barn under opplæringspliktig alder enn for skoleelevar. Dessutan gav departementet uttrykk for at det på grunn av ordlyden ikkje er openbert at vilkåra for barn under opplæringspliktig alder og for grunnskoleelevar kan tolkast likt. Departementet såg eit behov for å rydda opp, slik at vilkåra for rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova og barnehagelova vart like.⁶⁶

2.5 Vilkåret om sakkunnig vurdering før (fylkes)kommunalt vedtak om teiknspråkopplæring

Uavhengig av dei to vilkåra som skal oppfyllest av barnet for å få rett til teiknspråkopplæring, inneheld både opplæringslova §§ 2-6 tredje ledd og 3-9 første ledd og barnehagelova § 19 h første ledd eit vilkår om at det skal liggja føre ei sakkunnig vurdering før kommunen eller fylkeskommunen gjer vedtak om teiknspråkopplæring.

Ettersom behovsvilkåret i seg sjølv inneheld eit krav om ei sakkunnig vurdering, må ein leggja til grunn at kravet om ei sakkunnig vurdering før kommunen eller fylkeskommunen skal gjera vedtak, òg er oppfylt dersom behovsvilkåret er oppfylt.

Kravet om sakkunnig vurdering før kommunalt eller fylkeskommunalt vedtak om teiknspråkopplæring vart teke inn i opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 ved endringslov 17. september 1999 nr. 74. Etter ordlyden kan føresegna om ei obligatorisk sakkunnig vurdering sjå ut til ha ein portvaktarfunksjon eller å vera eit høve til å overprøva eit val om teiknspråk som førstespråk. I førearbeida seier departementet at regelen ikkje er meint å fungera slik:

⁶⁴ Kunnskapsdepartementet (2015).

⁶⁵ Prop. 103 L (2015–2016), s. 53.

⁶⁶ Prop. 103 L (2015–2016), s. 53–54.

Departementet gjer merksam på at den sakkunnige vurderinga etter § 3-9 ikkje skal ta stilling til sjølv språkvalet til eleven. Det er eleven si eiga oppfatning av språkleg identitet som er avgjerande her. [...]

Dei ovannemnde vurderingane gjeld også for ein stor del i høve til grunnskoleopplæring og tilbod til førskolebarn etter § 2-6.⁶⁷

I komitéinnstillinga uttalte fleirtalet følgjande om føremålet med den sakkunnige vurderinga:

[E]n sakkyndig vurdering kan utrede og ta standpunkt til hvilke opplæringsbehov den tegnspråklige eleven har. En slik vurdering vil dermed bidra til å sikre elevene en tilpasset opplæring.⁶⁸

I førearbeida til barnehagelova § 19 h er departementet endå klarare om kva som skal liggia i den sakkunnige vurderinga:

For barn med tegnspråk som førstespråk, skal den sakkyndige vurderingen ta stilling til hvordan tilbudet om tegnspråkopplæring bør utformes og ikke om barnet har behov for tegnspråkopplæring.⁶⁹

Etter barnehagelova § 19 h tredje ledd er det eit vilkår at det skal innhentast samtykke frå foreldra til barnet før det blir utarbeidd ei sakkunnig erklæring og gjort vedtak om teiknspråkopplæring. Foreldra har rett til å gjera seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttala seg før kommunen gjer vedtak i saka. Tilsvarande reglar for spesialpedagogisk hjelp finst i § 19 b første ledd.

Utsegnene i førearbeida taler samla sett for at føremålet med kravet om kommunalt eller fylkeskommunalt vedtak, ikkje er å gje forvaltninga høve til å ta stilling til eller overprøva språkvalet, men å la vedtaket vera del av ein prosessen i samband med planlegging og utforming av undervisningstilbodet.

I sak 2016/1689 har Sivilombodsmannen kome til same konklusjon, nemleg at forvaltninga skal respektera det språkvalet som er gjort for eit barn, og at språkvalet ikkje kan overprøvast.

⁶⁷ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 11.

⁶⁸ Innst. O. nr. 92 (1998–1999), s. 2.

⁶⁹ Prop. 103 L (2015–2015), s. 54.

Eit vedtak om teiknspråkopplæring gjeld «rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer», jf. forvaltningslova⁷⁰ § 2 første ledd bokstav b. Av det følger det at saksbehandlings- og klagereglane for enkeltvedtak gjeld for vedtak om teiknspråkopplæring, noko som òg departementet stadfestar i førearbeida.⁷¹

Eg viser i denne samanhengen òg til drøftinga av teiknspråk som «førstespråk» i lys av dei internasjonale rettskjeldene i 2.2.1. For at Noreg skal oppfylle sine plikter krevst det at kommunale og fylkeskommunale sakkunnige vurderingar i saker som gjeld teiknspråkopplæring, ikkje får ein portvaktar- eller overprøvingsfunksjon, og at valet av teiknspråk som førstespråk blir respektert og lagt til grunn for opplæringa til det enkelte barnet.

⁷⁰ Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven).

⁷¹ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 11.

3 Teiknspråkopplæring i grunnskolen

3.1 Opplæring «i» og «på» teiknspråk

Som nemnt tidlegare er teiknspråkopplæring i grunnskolen regulert i opplæringslova § 2-6. Paragraf 2-6 er langt kortare og mindre detaljregulerande enn § 3-9 og barnehagelova § 19 h. Det skal likevel gjerast klart at § 2-6 må forståast i samanheng med utfyllande reglar i forskrift til opplæringslova og i læreplanane som er fastsette.

I opplæringslova § 2-6 første ledd første punktum går retten til elevar som oppfyller vilkåra, ut på å få «opplæring i og på teiknspråk». Retten inneheld altså to element, retten til opplæring *i teiknspråk* og retten til opplæring *på teiknspråk*. Teiknspråk er altså både eit mål i seg sjølv og eit medium for undervisning i alle fag.

Retten til opplæring *i teiknspråk* manifesterer seg tydelegast i at er fastsett ein eigen læreplan i norsk teiknspråk som er felles for grunnskolen og vidaregåande skole. Den gjeldande *Læreplan i norsk tegnspråk* er fastsett av Kunnskapsdepartementet 5. juli 2013 med heimel i opplæringslova § 2-3 tredje ledd. Retten til opplæring *på teiknspråk* manifesterer seg ved at elevar får undervisning i andre skolefag med norsk teiknspråk som undervisningsspråk. Retten til opplæring på teiknspråk kan ikkje oppfyllest ved bruk av teiknspråktolk. Ei slik forståing ligg til grunn for § 3-9 tredje ledd om teiknspråkopplæring i vidaregåande skole, der opplæring med tolk er eit alternativ til teiknspråkopplæring etter same paragraf.

3.2 Innhaldet i og omfanget av opplæringa

Som nemnt over inneheld opplæringslova § 2-3 tredje ledd heimel til departementet til å gje «forskrifter om fag, om mål for opplæringa, om omfanget av opplæringa i faga og om gjennomføringa av opplæringa» for grunnskoleopplæringa. Ein sentral del av dette er å fastsetja læreplanar i dei ulike undervisningsfaga. I tillegg til ein eigen læreplan i norsk teiknspråk er det fastsett læreplanar i norsk for høyrslheemma, engelsk for høyrslheemma (alle for grunnskolen og vidaregåande skole) og drama og rytmikk for høyrslheemma (berre for grunnskolen).

I forskrift til opplæringslova § 1-1 første ledd bokstav d er følgjande fastsett:

*Elevar med teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6 **har** i teiknspråk, norsk, engelsk og musikk rett til opplæring i samsvar med læreplanane i norsk teiknspråk, norsk for hørselshemma, engelsk for hørselshemma og drama og rytmikk for hørselshemma. [mine uthevingar]*

Regelen blir tolka strengare enn ordlyden kan tyda på. Ordlyden var klarare i den tidlegare *forskrift til opplæringslova*⁷² frå 1999, som vart erstatta av den nojeldande *forskrift til opplæringslova* frå 2006. I 1999-forskrifta § 1-1 fjerde ledd var ordlyden:

Elevar med teiknspråk som førstespråk etter opplæringslova § 2-6 skal i faga teiknspråk, engelsk, norsk og musikk ha opplæring i samsvar med læreplanane Teiknspråk som førstespråk, [...]. [mine uthevingar]

Ein tilsvarande regel for elevar i vidaregåande skole som får teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 3-9, finst i 2006-forskrifta § 1-3 første ledd bokstav a («har [...] rett til opplæring i samsvar med»). I 1999-forskrifta § 1-3 andre ledd var òg ordlyden «skal [...] ha opplæring i samsvar med».

Om ein legg ei naturleg språkleg tolking til grunn, verkar ordlyden i 2006-forskrifta som ei oppmjuking jamført med ordlyden i 1999-forskrifta – frå påbod om å følgja læreplanane til ein rett til å få opplæring i samsvar med dei. I særmerknadene i førearbeida til opplæringslova § 2-6 vart det i samband med ei lovendring i 2008 lagt til grunn at desse læreplanane framleis er obligatoriske for elevar som får teiknspråkopplæring etter § 2-6.⁷³ Også i rettleiingsmaterieill som Utdanningsdirektoratet har utarbeidd, er det lagt til grunn at det er obligatorisk for elevar som får teiknspråkopplæring etter § 2-6, å følgja læreplanane for høyrsllehemma.⁷⁴

Ordlyden i 2006-forskrifta kan òg tolkast utvidande, slik at rettsregelen får same innhald som følgjer av ordlyden i 1999-forskrifta. Det at 1) det er ei etablert oppfatning frå både forvaltningshald og lovgjevarhald at regelen ikkje er endra i 2006, og 2) at dei ulike læreplanane for høyrsllehemma heng svært tett saman i læreplanverket, taler for den tolkinga at den tidlegare rettstilstanden vart vidareført då 2006-forskrifta vart fastsett.

For elevar med teiknspråkopplæring etter § 2-6 er det fastsett at elevane skal til saman 2737 undervisningstimar i faga norsk teiknspråk og norsk for høyrsllehemma i løpet av grunnskolen. Til jamføring skal høyrande elevar ha til saman 1770 timar norsk i grunnskolen. I andre fag har begge elevgruppene same timefordeling. Gjennom heile grunnskoleløpet skal elevar med teiknspråkopplæring ha 8861 undervisningstimar, mot 7894 etter den ordinære fag- og timefordelinga.⁷⁵

⁷² Forskrift 28. juni 1999 nr. 722 til opplæringslova.

⁷³ Ot.prp. nr. 40 (2007–2008), s. 44.

⁷⁴ Utdanningsdirektoratet (2016).

⁷⁵ Utdanningsdirektoratet (2018a), vedlegg 1, punkt 2.2 og 2.4.

Elevar med teiknspråkopplæring etter § 2-6 kan dessutan etter søknad bli fritakne for kravet om opplæring i framandspråk (utover engelsk) eller engelsk og norsk fordjuping, jf. forskrift til opplæringslova § 1-9 andre ledd. Elevane er vidare fritakne frå opplæring i norsk sidemål, jf. forskrifta § 1-11 første ledd bokstav c.

3.3 Opplæring i teiknspråkmiljø og nærskoleprinsippet

3.3.1 Med utgangspunkt i opplæringslova

Det såkalla *nærskoleprinsippet* i grunnskolen kjem til uttrykk i opplæringslova § 8-1 første ledd første punktum: «Grunnskoleelevane har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.» Dette inneber at kommunen ikkje fritt kan plassera elevar på kva skole som helst med utgangspunkt i kapasitets- og økonomivurderingar.⁷⁶ Nærskoleprinsippet omfattar i utgangspunktet alle elevar i grunnskolen, òg dei som får spesialundervisning etter § 5-1. Paragraf 8-1 andre ledd inneheld ein regel om at kommunar kan avtala at visse område i ein kommune kan sokna til ein skole i nabokommunen, og at nærskoleprinsippet likevel er oppfylt.

For elevar som får teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 2-6, er det likevel gjort unntak frå nærskoleprinsippet, jf. andre ledd: «Kommunen kan bestemme at opplæringa i og på teiknspråk skal givast på ein annan stad enn den skolen eleven soknar til.» Føresegna inneber at kommunen kan stilla vilkår om at eleven må få opplæringa på ein annan skole enn nærskolen dersom eleven skal få teiknspråkopplæring etter § 2-6. Denne regelen er ei vidareføring av § 2-5 femte ledd i den tidlegare grunnskoleforskrifta. I førearbeida er regelen grunngjeven med omsynet til at eleven skal få opplæring i eit teiknspråkmiljø, og behovet for å utnytte ressursane best mogleg.⁷⁷

Ordlyden i opplæringslova § 2-6 andre ledd seier ingenting om det må tolkast inn ei avgrensing som går ut på at eleven kan krevja å få teiknspråkopplæringa på ein annan skole i heimkommunen, eller om opplæringa kan tilbydast på ein skole i ein annan kommune. I rundskriv F-13-96, som departementet sende ut i samband med iverksetjinga av grunnskoleforskrifta § 2-4, går det derimot fram at departementet meinte å opna for interkommunale undervisningstilbod:

Departementet har fastsett det presiserande tillegget [grunnskoleforskrifta § 2-4 femte ledd] fordi det er viktig at kommunane får høve til å finne fram til fleksible og tilpassa ordningar der ein både tek omsyn til at dei elevane det gjeld, har behov for å komme i eit større teiknspråkmiljø og til behovet for å utnytte ressursinnsatsen på beste måte. Regelverket bør derfor

⁷⁶ Meidell (2012).

⁷⁷ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 35.

*vere slik utforma at kommunane kan bestemme at undervisninga i og på teiknspråk f.eks. skal etablerast som interkommunal ordning. Departementet reknar med at det ikkje blir lagt opp til ordningar som medfører urimeleg lang skyss.*⁷⁸ [mi utheving]

Ettersom opplæringslova § 2-6 andre ledd var meint som ei vidareføring av grunnskoleforskrifta § 2-4 femte ledd, legg eg til grunn at kommunane kan velja å tilby teiknspråkopplæring på ein skole i ein annan kommune, såframt reisetida er innanfor det akseptable.

Skoleskyss for grunnskoleelevar er regulert i opplæringslova § 7-1. I førearbeida er det presisert at skoleskyss må organiserast slik at elevane får «ei akseptabel reisetid».⁷⁹ I rundskriv Udir-3-2009 viser Utdanningsdirektoratet til at det er tida frå eleven forlèt eller kjem tilbake til heimen og tidspunktet for undervisningsstart/-slutt som skal reknast som reisetid. Vidare viser rundskrivet til balansen mellom det at barnet får tilstrekkeleg fritid og tid i heimen, med omsynet til effektiv og rasjonell organisering av skyssen. Konklusjonen blir så: «Kva som er akseptabel reisetid må derfor avgjerast etter ei konkret vurdering.»⁸⁰

Elevar med rett til teiknspråkopplæring kan likevel ikkje påleggjast å gå på ein annan skole enn nærskolen. Men dersom ein elev vel å gå på nærskolen i staden, har han eller ho ikkje rett til å få teiknspråkopplæring i samsvar med opplæringslova § 2-6. Det inneber likevel ikkje at eleven har mista all rett til teiknspråkopplæring, men i så fall må undervisninga gjevast som spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Dette synet kjem fram i omtala av gjeldande rett i samband med at det var på tale å utvida personkrinsen med rett til teiknspråkopplæring etter § 2-6:

*I den grad retten kan bli oppfylt gjennom eit tilbod på ein annan stad enn nærskolen, og eleven likevel vel å gå på nærskolen, vil kommunen ha plikt til å gi eleven forsvarleg utbytte av opplæringa. Dette kan innebere plikt til å gi spesialundervisning som delvis består av teiknspråkopplæring.*⁸¹

Dette var òg ei vidareføring av innhaldet i grunnskoleforskrifta § 2-4 femte ledd, jf. rundskriv F-13-96:

[K]ommunen kan [ikkje] krevje at nokon mot sin vilje skal takast ut av den vanlege heimeskolen for å få teiknspråkopplæring ein annan stad. På den andre sida vil ingen kunne krevje å få

⁷⁸ Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (1996b).

⁷⁹ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 85.

⁸⁰ Utdanningsdirektoratet (2009), punkt 3.

⁸¹ Ot.prp. nr. 40 (2007–2008), s. 33.

*same/eit like godt opplegg ved den vanlege heimeskolen som kommunen ville kunne tilby ein annan stad.*⁸²

I kapittel 6 blir det gjort kort greie for teiknspråkopplæring i form av spesialundervisning for elevar som anten har sagt frå seg retten til teiknspråkopplæring etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9, eller som av andre grunnar ikkje har ein slik rett.

Det er naturleg å sjå unntaket frå nærskoleprinsippet i § 2-6 andre ledd i samanheng med § 8-2 første ledd første punktum: «I opplæringa skal elevane delast i klassar eller basisgrupper som skal vareta deira behov for sosialt tilhør.» Det er ikkje tilstrekkeleg at elevar, medrekna elevar som får teiknspråkopplæring, berre er del av ei fast elevgruppe (klasse eller basisgruppe); elevane skal òg få ivareteke behovet for sosial tilhøyrsløse i denne elevgruppa. I førearbeida er det slått fast at «[s]å mykje av opplæringa må gå føre seg i klassen eller basisgruppa at elevane sitt grunnleggjande behov for sosialt tilhør kan bli vareteke her».⁸³ For elevar som får teiknspråkopplæring etter § 2-6 vil ivaretaking av sosial tilhøyrsløse enklare kunna gjerast dersom eleven får opplæringa i ei gruppe der òg dei andre elevane får teiknspråkopplæring.

3.3.2 Med utgangspunkt i CRPD og barnekonvensjonen

Det er ein potensiell motstrid mellom det eksplisitte unntaket for nærskoleprinsippet i opplæringslova § 2-6 og CRPD artikkel 24 nr. 2(b), der det blir slått fast at partane skal sikra at menneske med nedsett funksjonsevne «can access an inclusive, quality and free primary education and secondary education on an equal basis with others in the communities in which they live». Utdanninga skal både vera inkluderande og gjevast i lokalsamfunnet til den enkelte.

CRPD-komiteen har uttalt følgjande om innhaldet i artikkel 24 nr. 2(b):

*[P]ersons with disabilities must be able to attend primary and secondary schools in the communities where they live. Students should not be sent away from home. The educational environment must be within safe physical reach for persons with disabilities and include safe and secure means of transportation [...].*⁸⁴

Det er mest nærliggjande tolka kommentaren slik at det må tillatast ein viss fleksibilitet med tanke på kva som er å rekna som lokalsamfunnet til ein elev. Dersom ein elev ikkje har ein lengre reiseavstand enn at det lèt seg kombinera med å bli buande heime, må ein gå ut frå at

⁸² Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (1996b).

⁸³ Ot.prp. nr. 55 (2008–2009), s. 61.

⁸⁴ CRPD-komiteen, generell kommentar nr. 4 (2016), avsnitt 27.

unntaket frå nærskoleprinsippet i opplæringslova § 2-6 er innanfor rammene til CRPD artikkel 24. nr. 2(b). Dette må òg sjåast i lys av kva føremål artikkel 24 om retten til utdanning tek sikte å fremja. Ifølgje artikkel 24 nr. 1(b) er det eit mål å sikra ei utdanning som tek sikte på «[t]he development by persons with disabilities of their personality, talents and creativity, as well as their mental and physical abilities, to their fullest potential». At menneske med nedsett funksjonsevne skal få ei utdanning som gjer dei i stand til å utnytta sitt fulle potensial, er meir sentralt enn ein rett til å få opplæring i umiddelbar nærleik av bustaden.

Barnekonvensjonen artikkel 28 nr. 1 sikrar at partane «recognize the right of the child to education». Artikkel 29 nr. 1 slår m.a. fast at utdanninga skal ta sikte på «[t]he development of the child's personality, talents and mental and physical abilities to their fullest potential», ein ordlyd som er nesten identisk med CRPD artikkel 24 nr 1(b). Jamvel om barnekonvensjonen gjeld for alle barn uavhengig av funksjonsevne, er det i artikkel 23 nr. 1 teke inn ei særleg anerkjenning av behova til barn med nedsett funksjonsevne:

States Parties recognize that a mentally or physically disabled child should enjoy a full and decent life, in conditions which ensure dignity, promote self-reliance and facilitate the child's active participation in the community.

FNs barnekomité vidare understreka at utdanninga skal utformast ut ifrå det enkelte barnets behov, jf. følgjande merknad til barnekonvensjonen artikkel 29 nr. 1:

[T]he key goal of education is the development of the individual child's personality, talents and abilities, in recognition of the fact that every child has unique characteristics, interests, abilities, and learning needs. Thus, the curriculum must be of direct relevance to the child's social, cultural, environmental and economic context and to his or her present and future needs and take full account of the child's evolving capacities.⁸⁵

Såleis vil det òg vera i samsvar med barnekonvensjonens føresegner om retten til utdanning å tilby teiknspråklege elevar opplæring ein annan stad enn på nærskolen dersom det kan gje dei ei utdanning som betre gjer dei i stand til å dra nytte av sitt fulle potensial.

Føresegnene i opplæringslova § 2-6 om unntak frå nærskoleprinsippet for elevar som får teiknspråkopplæring, bør òg sjåast i samanheng med CRPD artikkel 24 nr. 1, som seier at «States Parties shall ensure an inclusive education system at all levels». Det er ikkje utdjupa i konvensjonsteksten kva som ligg i at utdanningssystemet skal vera inkluderande. I generell kommentar nr. 4 frå CRPD-komiteen er det understreka at «inclusion» er noko anna enn «in-

⁸⁵ FNs barnekomité, generell kommentar nr. 1 (2001), avsnitt 9.

tegration», og at det ikkje inneber inkludering berre å la elevar med nedsett funksjonsevne vera til stades i den ordinære undervisninga.⁸⁶ I barnekonvensjonen er det ikkje nemnt i konvensjonsteksten at utdanninga skal vera inkluderande, men det er likevel spesifisert i barnekomiteens generelle kommentar nr. 9. Der blir det understreka at målet om inkluderande undervisning ikkje skal stå i vegen for at det enkelte barnet med nedsett funksjonsevne får oppfylt sine individuelle behov:

*Inclusive education should be the goal of educating children with disabilities. The manner and form of inclusion must be dictated by the individual educational needs of the child, since the education of some children with disabilities requires a kind of support which may not be readily available in the regular school system.*⁸⁷

Samla sett taler dette for at det ikkje bryt med føringar om eit inkluderande utdanningssystem at teiknspråklege elevar får opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø.

3.4 Teiknspråkleg undervisningskompetanse

Opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 seier ingenting om formelle krav til teiknspråkleg kompetanse for dei som skal undervisa i og på teiknspråk i grunnskolen. Det er like fullt på det reine at det krevst kompetente lærarar for at elevar skal få oppfylt retten til teiknspråkopplæring. Det følgjer av § 10-2 første ledd at «[t]ilsette som skal undervise, må ha relevant kompetanse i dei faga dei skal undervise i». I § 10-2 andre ledd er det gjeve heimel til å fastsetja forskrift om å setja kompetansekrav for undervisning i skolen.

Forskrift til opplæringslova inneheld nærare reglar om krav til formell kompetanse i skolefag for tilsetjing og undervisning på høvesvis barnetrinnet (§ 14-2), ungdomstrinnet (§ 14-3) og vidaregåande skole (§ 14-4). For å undervisa i *norsk teiknspråk* er kravet 30 fagrelevante studiepoeng på barnetrinnet og 60 studiepoeng på ungdomstrinnet og i vidaregåande skole. Ikkje for noko av skoleslaga finst det standardiserte krav til lærarar som skal undervisa *på teiknspråk*. For lærarar som skal undervisa *på teiknspråk* i andre fag enn norsk teiknspråk, blir det i så fall i praksis opp til arbeidsgjevaren å vurdere om ein person er kvalifisert eller ikkje.

Opplæringslova § 10-2 fjerde ledd gjev ei viss opning for å fråvika formelle kompetansekrav i undervisningsfag:

⁸⁶ CRPD-komiteen, generell kommentar nr. 4 (2016), avsnitt 11.

⁸⁷ FNs barnekomité, generell kommentar nr. 9 (2006), avsnitt 66.

Skoleeigar kan, så langt det er nødvendig, fråvike kravet om relevant kompetanse i undervisningsfag i tilfelle der skolen ikkje har nok kvalifisert undervisningspersonale i faget. Det må takast stilling til dette for kvart skoleår.

Her må ein merkja seg at det ikkje er tale om ei opning for skolar til å unnlata å gje elevar undervisning i fag jamvel om ein ikkje har tilgang til kvalifisert undervisningspersonale. Føremålet med regelen er at «regelverket [må] opne for at skoleeigaren kan få gjennomført den opplæringa elevane har rett og plikt til».⁸⁸ I særmerknadene til § 10-2 fjerde ledd er det òg understreka at skoleeigaren skal fordela undervisningsfaga mellom lærarane slik at «krava kan bli oppfylte i størst mogleg grad».⁸⁹

For tilfelle der skolar ikkje har søkjarar til stillingar som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing etter opplæringslova § 10-1, opnar § 10-6 for mellombels tilsetjing av søkjarar som ikkje oppfyller desse krava. Ei slik tilsetjing kan ikkje vara lenger enn eitt skoleår. Regelen stengjer ikkje for at ein person kan få ei ny mellombels tilsetjing etter at ei tidlegare mellombels tilsetjing har gått ut. Føresegna om mellombels tilsetjing skal syta for at elevar er sikra undervisning jamvel om det ikkje har late seg gjera å rekruttera kvalifisert undervisningspersonale. Elevens rett til undervisning gjeld uavhengig av skoleeigarens plikt til å ha kvalifisert undervisningspersonale.

I sak 2017/2040 uttalte Sivilombodsmannen seg om ei sak der ein elev med teiknspråk som førstespråk etter opplæringslova § 2-6 på grunn av manglande tilgang til kvalifisert undervisningspersonell ikkje hadde fått oppfylt retten til undervisning i og på teiknspråk. Sivilombodsmannen uttalte at «[m]anglande undervisningskompetanse reduserer ikke skoleeiers lov- pålagte plikt til å følge bindende læreplaner».

Jamvel om lærarutdanning ikkje er regulert av opplæringslova, er tilgang til kvalifiserte lærarkrefter i norsk teiknspråk nødvendig for at teiknspråklege elevar skal kunna få opplæring i og på teiknspråk. Ifølgje *forskrift 21. desember 2015 nr. 1771 om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning* § 6 første ledd første strekpunkt er hovudregelen for opptak til praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) at ein søkjar må oppnådd ein mastergrad å bli teken opp til PPU. Ved endringsforskrift 19. desember 2018 nr. 2149 vart dette unntaket teke inn i rammeplanforskrifta § 6 første ledd fjerde strekpunkt:

For å bli tatt opp til praktisk-pedagogisk utdanning, må søker ha [...]

⁸⁸ Prop. 84 L (2011–2012), s. 23.

⁸⁹ Prop. 84 L (2011–2012), s. 58.

- en bachelorgrad i tegnspråk og tolkning (døvetolkutdanning), med minst 80 studiepoeng i tegnspråk. [...]

Unntaket gjeld berre søkjarar som har teke minst 80 studiepoeng teiknspråk som del av ei teiknspråktolkeutdanning, dvs. eit studium som byggjer på at norsk teiknspråk er eit framandspråk for studentane. Teiknspråklege som har teke minst 80 studiepoeng norsk teiknspråk utan dei òg har ein mastergrad, vil ikkje vera kvalifiserte til opptak på PPU. Dersom det først skal gjerast unntak frå masterkravet for inntak til PPU med norsk teiknspråk som fag, framstår ikkje tiltaket som eigna til å sikra best mogleg kvalifiserte teiknspråklærarar, og dermed heller ikkje til å sikra elevars rettar etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 på beste måte.

Som nemnt i 1.2.5 er Noreg forplikta etter CRPD til å arbeida for å fremja bruken av teiknspråk. I den samanhengen står teiknspråkopplæring for barn heilt sentralt. PPU er eit studium som kvalifiserer dei som tek det, til å undervisa i grunnskolen og vidaregåande skole. Rammeplanforskrifta § 6 første ledd fjerde strekpunkt gjev personar med teiknspråktolkeutdanning enklare tilgang til studiet enn teiknspråklege personar, i dei tilfella der søkjarane ikkje har fullført ein mastergrad.

Desse reglane er problematiske om ein ser dei opp mot CRPD artikkel 24 nr. 4. For å sikra menneske med nedsett funksjonsevne ein reell rett til utdanning, har partane m.a. eit ansvar for å rekruttera kvalifiserte lærarar med nedsett funksjonsevne:

[...] States Parties shall take appropriate measures to employ teachers, including teachers with disabilities, who are qualified in sign language and/or Braille, and to train professionals and staff who work at all levels of education.

Føresegnene om opptak til PPU lèt seg ikkje sameina med innhaldet i CRPD artikkel 24 nr. 4. Ettersom CRPD ikkje er gjord direkte gjeldande som norsk lov, kan CRPD ikkje brukast til å setja føresegnene om opptak til PPU til sides. Ordlyden i rammeplanforskrifta § 6 første ledd fjerde strekpunkt er dessutan så klar at CRPD artikkel 24 nr. 4 ikkje kan tena som grunnlag for å tolka opptaksregelen på ein måte som fører han i samsvar med CRPD.

Ein regel som ville vera i tråd med CRPD artikkel 24 nr. 4, var om teiknspråklege med ein bachelorgrad som omfatta minst 80 studiepoeng i teiknspråk, òg fekk unntak frå kravet om mastergrad for opptak til PPU.

4 Teiknspråkopplæring i vidaregåande skole

4.1 Kven som er omfatta av retten

Opplæringslova § 3-9 første ledd første punktum har «[u]ngdom har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1» som rettighetssubjekt for teiknspråkopplæring. Det følgjer av § 3-1 første ledd at retten til vidaregåande opplæring gjeld for ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring. Etter § 3-1 tredje ledd gjeld retten for ungdom til vidaregåande opplæring ut det skoleåret som tek til det året ein fyller 24 år. Etter § 3-9 første ledd andre punktum er vaksne elevar med inntak til vidaregåande opplæring òg omfatta av retten til teiknspråkopplæring eller opplæring med bruk av teiknspråktolk.

4.2 Omfanget av retten

Etter § 3-1 femte ledd første punktum har elevar som har rett til spesialundervisning etter kapittel 5 i opplæringslova, rett til vidaregåande opplæring i inntil to år ekstra «når eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte». Etter andre punktum skal vedtak om utvida opplæringstid gjerast av fylkeskommunen, og det skal liggja føre ei sakkunnig vurdering av «dei særlege behova eleven har». Ein slik rett gjeld òg for elevar som har rett til teiknspråkopplæring etter § 3-9, jf. § 3-1 femte ledd tredje punktum.

Regelen om rett til inntil to års ekstra opplæring på heiltid ved behov for elevar med teiknspråkopplæring etter § 3-9 kom inn i opplæringslova ved endringslov 30. juni 2000 nr. 63. At retten skulle gjelda for elevar med teiknspråkopplæring, var opphavleg ikkje del av lovframlegget frå departementet.⁹⁰ Framlegget frå departementet var at retten berre skulle utvidast til å gjelda blinde og svaksynte elevar som fekk punktskriftopplæring etter opplæringslova § 3-10. Framlegget om å gjera retten gjeldande for elevar med teiknspråkopplæring etter § 3-9, vart fremja av ein samrøystes komité i stortingsbehandlinga, utan noka sjølvstendig grunngeving.⁹¹

Jamvel om omtalen i proposisjonen gjeld eit framlegg som ikkje omfattar elevar med teiknspråkopplæring, inneheld det merknader som er relevante for forståinga av føresegna i § 3-1 femte ledd. Det er presisert at det er ein føresetnad at eleven «både treng og har utbytte av meir opplæring for å kunne oppnå kompetanse på eit høgare nivå enn det som er mogleg innanfor treårsretten». Vidare er det presisert at det retten gjeld *heiltidsopplæring* i inntil to år ekstra, og ikkje at den opplæringstida som normalt blir gjeve i løpet av tre år, skal strekkjast

⁹⁰ Ot.prp. nr. 44 (1999–2000), s. 46.

⁹¹ Innst. O. nr. 89 (1999–2000), s. 4.

ut over inntil to år ekstra. Det skal vera ein reell rett til ekstra opplæring for å nå opplæringsmåla for eleven.⁹²

Som nemnt i 1.4.1 er teiknspråkopplæring etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 ikkje definert som spesialundervisning (som heller ikkje punktskriftopplæring etter §§ 2-14 og 3-10 er). Regelen om inntil to års ekstra heiltidsopplæring inneheld eit krav om sakkunnig vurdering som ser ut til å vera tilpassa elevar med vedtak om spesialundervisning. Det same gjeld kravet om at «eleven treng det i forhold til opplæringsmåla for den enkelte». Etter § 5-5 første ledd skal det utarbeidast ein individuell opplæringsplan for elevar som får spesialundervisning, og «[p]lanen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis ho skal drivast». Ein slik plan skal ikkje utarbeidast for elevar som får teiknspråkopplæring, såframt dei ikkje òg har vedtak om spesialundervisning. Også som nemnt i 1.4.1 er det to separate vurderingar om ein elev har rett til teiknspråkopplæring og spesialundervisning. På den eine sida kan ein tenkja seg at den sakkunnige vurderinga som etter § 3-9 første ledd siste punktum skal vera gjort før fylkeskommunen gjer vedtak om teiknspråkundervisning, òg inneheld vurderingar av om eleven har behov for eit forlengt skoleløp for å nå sine opplæringsmål. For ein elev som får teiknspråkopplæring utan at vedkommande samstundes får spesialundervisning, vil opplæringsmåla vera dei same som for andre elevar, med det unntaket at noko av opplæringa skjer etter dei separate læreplanane for høyrsllehemma. Vilåret for å ha rett til spesialundervisning etter § 5-1 første ledd er at eleven «ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære undervisningstilbodet». Etter mi vurdering vil ein teiknspråkleg elev som ikkje er i stand til å fullføra vidaregåande opplæring på ordinær tid, vera omfatta av retten til spesialundervisning. Etter mitt skjønn ville det derfor ha vore ryddigare å operera med rett til spesialundervisning som einaste vilkår som utløyser rett til to års ekstra opplæring for elevar som får teiknspråk- eller punktskriftopplæring. Mot det kan det innvendast at det kan verka stigmatiserande å definera undervisning som spesialundervisning. På den andre sida må det likevel understrekast at ein rett til forlengd opplæring bør baserast på eit reelt behov hos den enkelte eleven, og ikkje på nedsett funksjonsevne eller ein diagnose.

Det gjeld eigne timerammer for elevar i vidaregåande skole som får opplæring i teiknspråk etter § 3-9.⁹³ Ulikt teiknspråkopplæring i grunnskolen etter § 2-6 utløyser ikkje teiknspråkopplæring etter § 3-9 ein rett til fleire undervisningstimar samla sett, berre ei anna fordeling av timane.

⁹² Ot.prp. nr. 44 (1999–2000), s. 14–15.

⁹³ Utdanningsdirektoratet (2018a), vedlegg 1, punkt 3.3 og 3.4.

4.3 Innhaldet i retten

4.3.1 Teiknspråkopplæring i teiknspråkleg miljø på knutepunktskolar

Elevar med rett til teiknspråkopplæring har etter § 3-9 to alternative val med tanke på korleis dei skal få opplæring. Det første alternativet er «vidaregåande opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø etter [§ 3-9] andre leddet», jf. første ledd første punktum. Andre ledd definerer *teiknspråkleg miljø* slik: «Med teiknspråkleg miljø er meint skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod i og på teiknspråk for hørselshemma elevar.» Retten til opplæring i og på teiknspråk kan såleis berre krevjast oppfylt på ein svært avgrensa krins med vidaregåande skolar. Slike skolar blir kalla *knutepunktskolar*, jf. forskrift til opplæringslova § 6-40 første ledd andre punktum: «Knutepunktskolar er ordinære fylkeskommunale vidaregåande skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod for døve og sterkt tunghøyre elevar.»

Opplæringslova § 3-9 tredje ledd inneheld endå ei innsnevring i retten til opplæring i og på teiknspråk for elevar i vidaregåande skole. For det første er retten avgrensa til dei utdanningsprogramma og programområda som knutepunktskolane gjev tilbod på. For det andre opnar tredje ledd for at *delar* av opplæringstilbodet kan gjevast med tolk.

Lova inneheld ikkje noko krav om at kvar fylkeskommune skal tilby vidaregåande opplæring i teiknspråkleg miljø. Det inneber i praksis at mange elevar vil vera nøydd til å flytta heimanfrå for å få oppfylt retten til vidaregåande opplæring i og på teiknspråk på ein knutepunktskole. I førearbeida er det presisert at opplæringslova § 13-4 tredje ledd med forskriftsheimel for skoleskyss og innkvartering, òg gjeld elevar som er omfatta av § 3-9.⁹⁴ Det finst per dags dato fem knutepunktskolar som tilbyr teiknspråkopplæring etter § 3-9.⁹⁵

I førearbeida har departementet vist til høyringsnotat frå 8. mars 1999 for å klargjera kva som er føresetnader og tilrådingar for at ein skole skal kunna definerast som teiknspråkleg miljø:

- *Lærarar og personale elles som har dagleg kontakt med elevane, må ha teiknspråkleg kompetanse*
- *Skolen må ha samarbeidsavtale med eit kompetansesenter for hørselshemma*

I tillegg til desse føresetnadene tilrådde departementet at

- *skolen bør ha samarbeid med tolketeneste*
- *skolen bør ha eit sosialpedagogisk tilbod til elevane*⁹⁶

⁹⁴ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 14.

⁹⁵ Dei fem knutepunktskolane ligg i høvesvis Oslo, Sandefjord, Stavanger, Bergen og Trondheim.

Kjelde: Statped, <http://www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/videregaende-skole/knutepunktskoler/>

⁹⁶ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 12–13.

Når det gjeld opninga for å tilby delar av opplæringa med bruk av tolk, er det same stad «lagt til grunn» at elevane skal få opplæring i «fellesfaga» av lærarar som meistarar teiknspråk, medan opplæring i «studieretningsfaga» (tilsvarar *programfag* i gjeldande læreplanar) blir gjevne med bruk av tolk.⁹⁷

Forskrift til opplæringslova § 1-3 første ledd bokstav a seier at retten til opplæring i teiknspråk, norsk og engelsk etter læreplanane for høyrslhemma er avgrensa til elevar som får opplæring på ein knutepunktskole etter opplæringslova § 3-9 andre ledd. Denne føresegna blir tolka på same måte som forskrifta § 1-1 første ledd bokstav d, dvs. slik at elevar som får teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 3-9, må følgja læreplanane i norsk og engelsk for høyrslhemma,⁹⁸ jf. drøftinga i 3.2.

Elevar i vidaregåande skole som får opplæring i teiknspråk etter opplæringslova § 3-9, er unatekne frå kravet om opplæring i framandspråk etter forskrifta § 1-10 første ledd og frå vurdering i skriftleg sidemål i norskfaget etter § 1-11 første ledd bokstav c.

4.3.2 Opplæring med teiknspråktolk i ordinære vidaregåande skolar

Det andre alternativet for elevar i vidaregåande skole som oppfyller krava til teiknspråkopplæring, er «å velje å bruke tolk i ordinære vidaregåande skolar», jf. opplæringslova § 3-9 første ledd første punktum. Dette alternativet inneber altså noko kvalitativt anna for eleven enn *teiknspråkundervisning* som omtalt i 4.3.1.

Det følgjer av forskrift til opplæringslova § 1-3 første ledd bokstav a at elevar som får opplæring etter opplæringslova § 3-9 med bruk av tolk (dvs. utanfor knutepunktskolar), ikkje er omfatta av retten til opplæring etter læreplanane for høyrslhemma, medrekna læreplanen i norsk teiknspråk. Dei skal såleis i utgangspunktet vanleg undervisning i samsvar med dei ordinære læreplanane, noko som òg inneber at opplæringa skal haldast innanfor den ordinære timefordelinga mellom faga. Dette fører såleis til den paradoksale situasjonen at elevar som i utgangspunktet har rett til opplæring *i teiknspråk*, ikkje utan vidare får det dersom dei vel vidaregåande opplæring med bruk av tolk. Etter forskrift til opplæringslova § 6-31 første ledd andre punktum kan fylkeskommunen plassera elevar som får opplæring med tolk etter opplæringslova 3-9, på ein tilrettelagd skole. Dersom desse elevane skal få opplæring *i teiknspråk*, må det derfor skje som spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

⁹⁷ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 12.

⁹⁸ Utdanningsdirektoratet (2015).

4.3.3 Inntak til vidaregåande opplæring for teiknspråklege elevar

Opplæringslova § 3-9 femte ledd inneheld ein forskriftsheimel og presiserer særskilt at heime-len gjeld inntak til vidaregåande opplæring for elevar som er omfatta av paragrafen. Forskrift til opplæringslova inneheld ei rekkje særreglar om inntak som gjeld elevar som er omfatta av § 3-9. Mange av reglane er svært tekniske, og eg går ikkje inn i alle detaljar. Nedanfor blir det derfor gjort greie for det eg vurderer som dei viktigaste punkta i dei særskilde inntaksreglane for teiknspråklege elevar.

Forskrifta §§ 6-40 til 6-43 inneheld reglar om inntak til knutepunktskolar som tilbyr opplæring i og på teiknspråk. Etter § 6-42 er det fylkeskommunen der søkjaren er busett, som har ansvar for at rettane etter opplæringslova § 3-9 blir oppfylte. Ein ungdom som søker inntak til ein knutepunktskole, skal senda søknaden til fylkeskommunen der han eller ho bur, som i sin tur vidaresender søknaden til fylkeskommunen som eig knutepunktskolen, jf. forskrifta § 6-42 andre og tredje ledd jf. §§ 6-8 og 6-9. Etter § 6-42 fjerde ledd tredje punktum må heimfylkeskommunen til søkjaren «i samråd med skolane [...] finne eit anna tilbod om opplæring i eit teiknspråkleg miljø». Det må nødvendigvis seia plass på ein annan knutepunktskole for ein ungdom som vel å nytta retten etter opplæringslova § 3-9 første ledd første punktum til «opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø».

Forskrift til opplæringslova § 6-43 første ledd regulerer prioritering av søkjarar til knutepunktskolar. Søkjarar frå eige fylke er her prioriterte framfor søkjarar frå andre fylke enn knutepunktskolen ligg i. Dette er ein regel som i praksis inneber at søkjarar som er busette i ein fylkeskommune som ikkje driv ein knutepunktskole, skal nedprioriterast når skoleplassar med vidaregåande opplæring i teiknspråkleg miljø skal tildelast, og jamvel ha lågare prioritet enn søkjarar frå fylkeskommunen der skolen ligg, utan rett til vidaregåande opplæring. Etter § 6-43 tredje ledd skal det òg reserverast plassar for søkjarar som ikkje har vurdering med karakterar, og som skal takast inn etter ei individuell vurdering. Etter fjerde ledd skal ein elev normalt ha rett til å fullføra eit opplæringsløp ved ein knutepunktskole dersom vedkommande først er teken inn til skolen.

Forskrift til opplæringslova § 6-18 inneheld reglar om fortrinnsrett for elevar med rett til teiknspråkopplæring etter opplæringslova § 3-9 til inntak til Vg1 med bruk av tolk i ein ordinær vidaregåande skole. Forskrifta § 6-18 første ledd presiserer at eleven i søknaden må presisera om han eller ho prioriterer inntak på ordinær skole med bruk av tolk eller inntak på knutepunktskole. Paragraf 6-14 andre ledd inneheld nærare reglar om prioritering av ulike elevgrupper med fortrinnsrett ved inntak til Vg1. Paragraf 6-31 inneheld reglar om inntak til Vg2 og Vg3 for elevar som alt er i vidaregåande opplæring. Hovudregelen for teiknspråklege elevar er, som for ordinære elevar etter § 6-28, at faga på det lågare årstrinnet skal vera beståtte. Alternativet er ei individuell heilskapleg vurdering etter § 6-37. Også ved søknad om inntak

på Vg2 og Vg3 kan eleven velja mellom å søkja inntak på ordinær vidaregåande opplæring med tolk eller på knutepunktskole.

4.3.4 Lærlingar o.l.

Retten etter opplæringslova § 3-9 til teiknspråkopplæring i teiknspråkleg miljø (knutepunktskole) eller opplæring i ordinære vidaregåande skole med bruk av tolk gjeld berre opplæring av elevar som går føre seg i slike skolar. Lærlingar, lære kandidat og praksisbrevkandidat får opplæringa i ei lærebedrift i staden for i ein skole. Det går òg av førearbeida at lærlingar ikkje er omfatta av § 3-9:

Departementet forstår ønsket om at det skal vere same rett for lærlingar som får opplæring i bedrift som for elevar som får opplæring i skole. Når departementet likevel ikkje vil gjere framlegg om slik rett for lærlingar, har det både økonomiske og praktiske grunnar.⁹⁹

CRPD artikkel 24 nr. 5 inneheld føresegnar som forpliktar partane til å setja i verk tiltak som skal sikra at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha tilgang til m.a. yrkesutdanning og høgare utdanning. CRPD-komiteen har uttalt at partane ikkje skal setja opp barrierar av noko slag, medrekna språklege, for at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha tilgang på like fot til dei typane opplæring som er nemnde i artikkel 24 nr. 5.¹⁰⁰ Retten til utdanning for menneske med nedsett funksjonsevne må òg sjåast i nær samanheng med artikkel 27 nr. 1, som tek sikte på at dei skal ha rett til arbeid på lik linje med andre.

Samla sett bidreg ikkje opplæringslova § 3-9 til oppfyljing av CRPD artikkel 24 nr. 5, når lærlingar og andre som får opplæring utanfor skolar, ikkje har rett til tolk.

4.4 Teiknspråkleg undervisningskompetanse

Nett som for grunnskolen er det ikkje fastsett formelle krav til teiknspråkkompetanse for lærarar som skal undervisa *på teiknspråk*. Etter forskrift til opplæringslova § 14-4 tredje ledd første punktum krevst det at den som skal undervisa i eit fag har minst 60 studiepoeng som er relevante for faget. Dette omfattar òg dei som skal undervisa i norsk teiknspråk.

Eg viser elles til drøftinga i 3.4.

⁹⁹ Ot.prp. nr. 78 (1998–1999), s. 8.

¹⁰⁰ CRPD-komiteen, generell kommentar nr. 4 (2016), avsnitt 38.

5 Teiknspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder

5.1 Kven som er omfatta av retten

Rettighetssubjekta for retten til teiknspråkopplæring etter barnehagelova § 19 h er «[b]arn under opplæringspliktig alder». Hovudregelen er at barn har plikt til å motta grunnskoleopplæring frå og med det året dei fyller 6 år, jf. opplæringslova § 2-1 tredje ledd. I barnehagelova § 19 h første ledd andre punktum er det presisert at «[r]etten gjelder uavhengig av om barnet går i barnehage». I andre ledd første punktum er plikta til å oppfylle denne retten lagd på kommunen. For barnehagebarn gjeld dette uavhengig av om barnet går i kommunal eller privat barnehage.

5.2 Innhaldet i retten

Det er ein ordlydsforskjell mellom opplæringslova §§ 2-6 og 3-9, som begge gjev ein rett til «opplæring i og på teiknspråk», og barnehagelova § 19 h, som gjev ein rett til «tegnspråkopplæring». Spørsmålet er då om denne ordlydsforskjellen har noko å seia for korleis barnehagelova § 19 h skal tolkast jamført med opplæringslova §§ 2-6 og 3-9. Barnehagelova § 19 h vidarefører ordlyden i den tidlegare § 2-6 tredje ledd i opplæringslova, som var «teiknspråkopplæring». Vidare er det naturleg å sjå ordlyden i § 19 h i lys av at barn under opplæringspliktig alder verken får opplæring i eit teiknspråkfag eller andre skolefag. Det er dermed vanskelegare å presisera kva som er opplæring «i» og «på» teiknspråk for barn under opplæringspliktig alder. Eit sentralt moment er at barna skal læra å bruka språket gjennom den pedagogiske verksemda.

I førearbeida til det tidlegare § 2-6 tredje ledd i opplæringslova er det som del av departementets vurdering vist til ei fagleg utgreiing som departementet henta inn frå Vestlandet kompetansesenter for høyrslhemma. I oppsummeringa av den faglege utgreiinga er det m.a. vist til det er viktig for døve småbarns utvikling å læra eit naturleg språk i eit teiknspråkleg miljø, og at teiknspråk gjev desse barna same utviklingsmoglegheiter som talespråk gjev høyrande barn. Oppsummeringa av utgreiinga blir avslutta slik: «For å hindre at det døve barnets totale utvikling blir hemmet, anses det som avgjørende at forholdene legges til rette for tidligst mulig tilgang til et tegnspråklig miljø.»¹⁰¹

Barnehagelova § 19 h seier, ulikt opplæringslova § 3-9, ingenting om rett til teiknspråkopplæring i eit teiknspråkleg miljø. I førearbeida til barnehagelova § 19 h nøyer departementet seg med ei konstatering av at tilbodet til barn med høyrslhemming varierer mellom kommunane, og viser til at somme kommunar har spesielt tilrettelagde barnehagar som tilbyr eit

¹⁰¹ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 36–37.

teiknspråkleg miljø.¹⁰² Førearbeida til det tidlegare opplæringslova § 2-6 tredje ledd viser for det første til den ovannemnde utgreiinga frå Vestlandet kompetansesenter for høyrsllehemma, der tidleg tilgang til eit teiknspråkleg miljø blir karakterisert som «avgjørende». Departementet viser òg til ei fakta- og kostnadsutgreiing frå Skådalen kompetansesenter, som i sin tur viser til at tilbodet til høyrsllehemma førskolebarn er svært ulikt mellom kommunane når det gjeld teiknspråkleg miljø, og at for barn utan plass i barnehage som er særskilt tilrettelagd for høyrsllehemma, er teiknspråkmiljøet svært avgrensa.¹⁰³ I vurderinga si viser departementet til at det er utfordringar knytte til det å oppfylle rettane ved å tilby barn teiknspråkopplæring i eit teiknspråkleg miljø, og til at det er viktig å driva kompetanse- og teiknspråkmiljøbygging:

Slik departementet vurderer det, står det enno att ein del praktiske hindringar for målet om nødvendig opplæring i teiknspråkmiljø kan oppfyllest for alle høyrslshemma barn i førskolealder. Mange kommunar slit med å få kvalifisert personale når det gjeld teiknspråkkompetanse. Teiknspråkmiljøet rundt det enkelte barnet er også i fleire tilfelle avgrensa.

I tillegg til å føre inn rettar kan også tiltak med sikte på å byggje opp kompetanse og styrkje teiknspråkmiljø vere ei hjelp i arbeidet med å oppfylle måla ovanfor.¹⁰⁴

Retten til teiknspråkopplæring etter barnehagelova § 19 h stiller høge krav til kommunane med tanke på oppfylling av retten. Det er i dei fleste tilfelle tale om at små barn skal lære seg eit språk som dei ikkje har tilgang til i heimemiljøet. I så fall må barna få ein språkleg input og ei språkleg stimulering som gjer dei til så kompetente teiknspråkbrukarar at dei får ei normal språkleg utvikling som m.a. skal gje dei grunnlag for å motta opplæring i og på teiknspråk når dei blir skoleelevar. Slik språkleg input bør koma frå både vaksne og frå språkleg og sosial interaksjon med andre barn.

Utdanningsdirektoratet har i *Veileder for opplæring av barn og unge med hørselshemming* uttalt kor viktig det er at barn i førskolealder frå tilgang til eit teiknspråkmiljø:

I løpet av det første leveåret tilegner barnet seg språk ved å være aktive deltakere i språkmiljøer hvor språket er i bruk. Man bør derfor prøve å gi barn som skal ha tegnspråkopplæring, et pedagogisk tilbud i et tospråklig miljø der både norsk tegnspråk og norsk talespråk brukes. Voksne språkmodeller som behersker norsk tegnspråk, og lek/aktiviteter sammen med andre barn som bruker tegnspråk, er viktige for at barnet skal utvikle sin språklige kompetanse. Av dette følger at

- barnet må få tilgang til miljøer hvor både barn og voksne behersker tegnspråk*

¹⁰² Prop. 103 L (2015–2016), s. 51.

¹⁰³ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 36–37.

¹⁰⁴ Ot.prp. nr. 46 (1997–1998), s. 37.

- *det kan også ansettes en pedagog eller assistent som behersker tegnspråk*
- *foresatte og andre nærpåersoner, f.eks. personale og andre barn i barnehagen som i utgangspunktet ikke behersker tegnspråk, må få tilbud om å lære seg dette*¹⁰⁵

Retten til teiknspråkopplæring står ved lag òg når eit barn får vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter barnehagelova § 19 a. Det er tale om to separate rettar. Teiknspråkopplæringa stoppar ikkje der den spesialpedagogiske hjelpa byrjar – eller motsett. Den spesialpedagogiske hjelpa må gjevast gjennom teiknspråk barnet har vedtak om teiknspråkopplæring. Ein kommune kan derfor t.d. ikkje vedta at eit barn skal ha 15 timar spesialpedagogisk hjelp og 15 timar teiknspråkopplæring med den grunngjevinga at barnet er i barnehagen 30 timar i veka.

5.3 Vedtaket om teiknspråkopplæring m.m.

I særmerknadene til barnehagelova § 19 h er det presisert at retten til teiknspråkopplæring er ein individuell rett,¹⁰⁶ på same måte som rett til spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a. Eg legg derfor til grunn at departementets vurdering om at kommunal økonomi skal vera eit «utenforliggende hensyn» ved tildeling av spesialpedagogisk hjelp,¹⁰⁷ òg gjeld for teiknspråkopplæring.

Det følgjer av barnehagelova § 19 h femte ledd at utforminga av tilbødet om teiknspråkopplæring så langt mogleg skal skje i samarbeid med barnet og foreldra til barnet, og at det skal leggjast stor vekt på deira syn. I særmerknadene til § 19 h er det uttrykt at «[k]ommunen må i dette arbeidet blant annet se hen til barnets rett til medvirkning, jf. FN's barnekonvensjon artikkel 12 og barnehageloven § 3».¹⁰⁸

Kommunale vedtak om teiknspråkopplæring er enkeltvedtak etter forvaltningslova, på same måte som slike vedtak etter opplæringslova. I utgangspunktet kan ikkje ein kommune gjera enkeltvedtak som er bindande for ein annan kommune. Etter § 19 h femte ledd held eit vedtak om teiknspråkopplæring fram med å gjelda når eit barn flyttar frå ein kommune til ein annan, inntil tilflyttingskommunen har gjort nytt vedtak i saka. Ein tilsvarande regel om spesialpedagogisk hjelp finst i § 19 e tredje ledd. Før desse reglane vart tekne inn i barnehagelova, fall vedtaket bort idet ein elev flytta frå ein kommune til ein annan. Føremålet med framlegget var å sikra elevar rett til opplæring i tilflyttingskommunen frå første dag. Vidare gjev regelen tilflyttingskommunen eit insentiv til å gjera nytt vedtak om opplæring for barnet raskt. I førearbeida understrekar departementet at tilflyttingskommunen på den eine sida «kan se hen til

¹⁰⁵ Utdanningsdirektoratet ([2009?]), s. 18.

¹⁰⁶ Prop. 103 L (2015–2016), s. 71.

¹⁰⁷ Prop. 103 L (2015–2016), s. 21.

¹⁰⁸ Prop. 103 L (2015–2016), s. 71.

barnets tidligere sakkyndige vurderinger og vedtak», men på den andre sida må tilflyttingskommunen byggja sitt vedtak på ei sjølvstendig vurdering.¹⁰⁹

Barnehagelova § 19 h sjette ledd slår fast at § 19 f om rett til skyss, tilsyn, reisefølge og innlosjering for barn som får spesialpedagogisk hjelp, gjeld tilsvarande for barn med rett til teiknspråkopplæring. Paragraf 19 f første ledd sett i samanheng med § 19 h første ledd gjev barnet rett til gratis skyss dersom det er naudsynt for at barnet skal kunna motta teiknspråkopplæring. Førearbeida til § 19 f seier at nødvendighetsvilkåret er oppfylt «når foreldrene har vesentlig større byrder knyttet til skyss enn andre foreldre som har barn i barnehage».¹¹⁰ Paragraf 19 f andre ledd gjev barnet rett til naudsynt reisefølge og tilsyn og til innlosjering dersom dagleg skyss ikkje er forsvarleg. Tredje ledd slår fast at det er kommunen som gjer vedtak etter § 19 f.

5.4 Teiknspråkleg kompetanse for opplæringspersonalet

Barnehagelova inneheld ikkje reglar som seier noko om kompetansekrav til personale som driv teiknspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder. Det er heller ikkje fastsett reglar om dette i forskrift.

I ei tolkingsfråsegn har Utdanningsdirektoratet uttrykt at barnehagelova ikkje legg føringar for kompetansekrav for den som gjev teiknspråkopplæring, og at det dermed er opp til kommunen både å vurdere kompetansen til opplæringspersonalet og til å oppfylla retten til teiknspråkopplæring. I fråsegna blir det òg understreka at reglane om kompetansekrav for å gje teiknspråkopplæring i skolen etter forskrift til opplæringslova kapittel 14, ikkje kan overførast til teiknspråkopplæring etter barnehagelova § 19 h. Dersom ein kommune eller fylkesmann er i tvil om nokon har tilstrekkeleg kompetanse til å gje teiknspråkopplæring etter barnehagelova § 19 h, tilrår Utdanningsdirektoratet at dei tek kontakt med Statped.¹¹¹

Temaet for CRPD artikkel 24 er «education». Det er slått fast at partane har plikt til å sikra eit inkluderande utdanningssystem «at all levels», men det er ikkje spesifisert kva som er ei nedre grense. Spørsmålet er derfor om barnehageverksemd og anna opplæringsverksemd retta mot barn under opplæringspliktig alder er omfatta av CRPD artikkel 24. CRPD-komiteen har presisert at «all levels» òg inkluderer «preschool».¹¹² Ein kan derfor leggja til grunn at CRPDs krav til utdanning for menneske med nedsett funksjonsevne, medrekna reglane om teiknsprå-

¹⁰⁹ Prop. 103 L (2015–2016), s. 21 og 23.

¹¹⁰ Prop. 103 L (2015–2016), s. 70.

¹¹¹ Utdanningsdirektoratet (2018b).

¹¹² CRPD-komiteen, generell kommentar nr. 4 (2016), avsnitt 8.

kopplæring, òg kan gjerast gjeldande for teiknspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder.

Vidare vil etterleving av den plikta partane har etter CRPD artikkel 24 nr. 4 for å leggja til rette for å tilsetja lærarar som kan teiknspråk, medrekna lærarar som har nedsett funksjonsevne, vera sentralt for at barn med rett til teiknspråkopplæring etter barnehagelova § 19 h får oppfylt denne retten. Det er særleg viktig at små barn som skal tileigna seg eit språk, har tilgang til opplæringspersonale som meistrar teiknspråk, jf. sitatet frå Utdanningsdirektoratets rettleiar i 5.2.¹¹³

¹¹³ Utdanningsdirektoratet ([2009?]), s. 18. Også her kan ein merkja seg at Utdanningsdirektoratet bruker ordet *førstespråk* i lingvistisk forstand i staden for rettsleg.

6 Teiknspråkopplæring som spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp

6.1 Spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp

Medan retten til teiknspråkopplæring er svært spesifikk, er retten til spesialundervisning og spesialpedagogisk hjelp svært allment utforma. Vilkåret for at ein elev skal ha rett til spesialundervisning, er at eleven «ikkje har eller kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet», jf. opplæringslova § 5-1 første ledd. For teiknspråklege elevar vil teiknspråkopplæring etter §§ 2-6 og 3-9 bli rekna som «det ordinære opplæringstilbodet». Vilkåret for at eit barn under opplæringspliktig alder skal ha rett til spesialpedagogisk hjelp, er at barnet «har særlege behov for det», jf. barnehagelova § 19 a første ledd.

Medan innhaldet i ordinær opplæring skal følgja av læreplanane (medrekna læreplanen i norsk teiknspråk og læreplanane for høyrsllehemma), inneber spesialundervisning at det blir gjort unntak frå ordinær opplæring i innhald, omfang, organisering og/eller undervisningspersonale.¹¹⁴ Etter opplæringslova § 5-5 første ledd skal det utarbeidast individuell opplæringsplan for elevar som får spesialundervisning. Planen skal fastsetja målet for og innhaldet i opplæringa og skal visa korleis ho skal drivast. Anborg Bogsti beskriv situasjonen slik:

*Den individuelle opplæringsplanen kommer inn som et supplement og erstatter i noen tilfeller LK06 [læreplanverket for Kunnskapsløftet] når det gjelder innhold i og mål for spesialundervisningen. Spesialundervisningen blir dermed en fullt ut individtilpasset opplæring.*¹¹⁵

Ein annan sentral forskjell mellom teiknspråkopplæring etter §§ 2-6 og 3-9 og spesialundervisning etter § 5-1, er at elevar med spesialundervisning skal ha same undervisningstimal som andre elevar (jf., § 5-1 andre ledd tredje punktum), medan grunnskoleelevar med teiknspråkopplæring etter § 2-6 får eit auka samla undervisningstimal, jf. omtala i 3.2.

6.2 Grunnlag for teiknspråkopplæring som spesialundervisning

I 3.3.1 er det gjort greie for korleis opplæringslova § 2-6 innsnevrar nærskoleprinsippet for elevar som får teiknspråkopplæring. Dersom ein elev avslår tilbodet om teiknspråkopplæring på ein annan skole enn nærskolen, mister eleven retten til teiknspråkopplæring etter § 2-6. Alternativet er då teiknspråkopplæring i form av spesialundervisning. Likeins har elevar som vel å få vidaregåande opplæring med bruk av tolk eller § 3-9 utanfor knutepunktskole, ikkje rett til teiknspråkopplæring etter § 3-9.

¹¹⁴ Utdanningsdirektoratet (2014), punkt 7.2.

¹¹⁵ Bogsti (2012), s. 220–221.

Ei anna gruppe som ikkje er omfatta av retten til teiknspråkopplæring etter §§ 2-6 og 3-9, er elevar i friskolar. Det følgjer av opplæringslova § 1-2 første og andre ledd at skolar som får statstilskot etter friskolelova, ikkje er omfatta av verkeområdet til opplæringslova. I friskolelova § 3-6 første ledd er føresegnene i opplæringslova §§ 5-1 til 5-5 om spesialundervisning gjorde gjeldande for grunnskolar og vidaregåande skolar som er omfatta av friskolelova. Opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 er ikkje gjorde gjeldande på same vis. Dersom elevar i friskolar skal få teiknspråkopplæring, må det derfor skje med heimel i føresegnene om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 jf. friskolelova § 3-6 første ledd.

Dei fleste ovannemnde typesituasjonane og nokre til er lista opp på Statpeds nettsider:

Eleven kan få tegnspråkopplæring som spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova [...] hvis han eller hun

- *ikke har forsvarlig utbytte av den ordinære opplæringa på grunn av et hørselstap*
- *har behov for opplæring i tegnspråk*
- *ikke ønsker eller har behov for å følge alle læreplanene knyttet til § 2-6*
- *er tegnspråklig med annen språklig bakgrunn og manglende norskkunnskaper [...]*
- *er tegnspråklig og ønsker å gå i privat grunnskole.*

Dette kan også være aktuelt dersom eleven ønsker opplæring etter § 2-6, men ikke ønsker å gå på en annen skole enn bostedsskolen for å få slik opplæring [...].¹¹⁶

Innanfor rammene til denne oppgåva blir det ikkje aktuelt å gå nærare inn på teiknspråkopplæring som spesialundervisning.

Retten til teiknspråkopplæring etter barnehagelova § 19 h femner vidare enn retten til teiknspråkopplæring etter opplæringslova, i og med at retten omfattar alle barn under opplæringspliktig alder uavhengig om dei går i barnehage eller ikkje. Barnehagelova § 19 a første ledd gjev rett nok alle barn under opplæringspliktig alder rett til spesialpedagogisk hjelp «dersom de har særlige behov for det». Spesialpedagogisk hjelp etter § 19 a kan òg omfatta teiknspråkopplæring, men ettersom retten etter § 19 h gjeld alle barn i aldersgruppa, vil truleg behovet for å heimla teiknspråkopplæring i barnehagelova § 19 a relativt sett vera mindre enn behovet for å heimla teiknspråkopplæring i opplæringslova § 5-1.

¹¹⁶ Statped (2018b).

7 Avslutning

7.1 Pågåande lovgjevingssprossar

Hausten 2017 nemnde Kongen i statsråd opp eit lovutval som innan 1. desember 2019 skal levera ein NOU med framlegg til ny opplæringslov. Av mandatet for utvalet går det fram at framlegget skal liggja innanfor Noregs internasjonale plikter, og at framlegget ikkje skal innebera vesentlege meirkostnader for staten eller kommunalforvaltninga.¹¹⁷ Dette inneber at utvalet i nær framtid kjem til å ta stilling til korleis lovfestinga av teiknspråkopplæring i grunnopplæringa skal vera, og om lovprosessen held fram, vil departementet/regjeringa måtta gjera det same.

I oktober 2017 sende Kunnskapsdepartementet eit oppdragsbrev¹¹⁸ til Utdanningsdirektoratet om «Forsterket tegnspråkopplæring i barnehagen og grunnopplæringen». Utdanningsdirektoratet vart bede om å vurdere m.a.

- 1) rettar til teiknspråkopplæring for høyrande barn med særskilt behov for teiknspråk, medrekna barn med teiknspråklege familiemedlemmer
- 2) auka fleksibilitet med tanke på bruk av læreplanar for høyrslheemma etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9

Utdanningsdirektoratet sende sitt svar til Kunnskapsdepartementet i april 2018.¹¹⁹ I svaret viser Utdanningsdirektoratet m.a. til at Noreg gjennom ratifikasjonen av CRPD har forplikta seg til å anerkjenna og fremja bruken av teiknspråk. Direktoratet bed departementet vurdere m.a. desse endringane i dagens regelverk:

- Elevar som får opplæring etter opplæringslova §§ 2-6 og 3-9 skal ha rett til opplæring i to førstespråk (dvs. norsk teiknspråk og norsk/samisk).
- Læreplanane for høyrslheemma blir gjorde valfrie, dvs. at det ikkje skal vera ei obligatorisk kopling mellom dei.
- Høyrande barn med nære familiemedlemmer som bruker teiknspråk som førstespråk¹²⁰, skal få rett til opplæring *i teiknspråk*.
- Kravet om sakkunnig vurdering for opplæring i teiknspråk for høyrslheemma barn skal sløyfast, men det skal vidareførast for opplæring på teiknspråk.

¹¹⁷ Kunnskapsdepartementet (2017a).

¹¹⁸ Kunnskapsdepartementet (2017b).

¹¹⁹ Utdanningsdirektoratet (2018c).

¹²⁰ Merk at Utdanningsdirektoratet her har brukt ordet «førstespråk» i ei tyding som kan omfatta både den lingvistiske og den rettslege. Det kan t.d. vera tale om foreldre som faktisk bruker teiknspråk, eller søsken som får teiknspråkopplæring etter opplæringslova eller barnehagelova.

- Det skal innførast eit krav om 30 relevante studiepoeng i teiknspråk for å gje teiknspråkopplæring i barnehagen.

Det er nærliggjande å tru at dette dokumentet vil gå inn i prosessen som fører fram mot ei ny opplæringslov.

Regjeringa har varsla at ho tek sikte på å leggja fram «ei ny heilskapleg språklov» for Stortinget våren 2020. Det blir varsla at lova «vil gi høve til å definere kva status andre språk i Noreg [enn norsk] har».¹²¹ I regjeringsplattforma er det eksplisitt sagt at ei språklov vil omfatte teiknspråk.¹²² Det er derfor grunn til å venta at norsk teiknspråk kan få ein lovfesta status i nær framtid. Det vil utgjera ei viktig anerkjenning av norsk teiknspråk, men den konkrete reguleringa av retten til teiknspråkopplæring vil høgst truleg likevel vera i opplæringslova og barnehagelova med forskrifter.

7.2 Avsluttande betraktningar

Eg sluttar meg til dei refererte forslaga frå Utdanningsdirektoratet i 7.1, med eit delvis atterhald for kravet om sakkunnig vurdering for opplæring *på teiknspråk*. For andre opplæringspråk, som samisk (opplæringslova §§ 6-2 og 6-3) eller kvensk/finsk (§ 2-7), er det ikkje noko krav om sakkunnig vurdering for at eleven skal få opplæring på språket. Kravet om sakkunnig vurdering er noko som knyter teiknspråkopplæring til det historiske opphavet i spesialundervisninga. Ei mogleg løysing kan vera å omformulera det frå eit vilkår om sakkunnig vurdering for at barnet skal få teiknspråkundervisning, til at det skal utarbeidast ei sakkunnig vurdering av korleis opplæringa på teiknspråk best kan leggjast opp for det enkelte barnet. Slike vurderingar må i så fall gjerast av sakkunnige med teiknspråkleg kompetanse.

I det heile bør både reglar om teiknspråkopplæring i skole og barnehage og reglar om teiknspråk på andre felt ha som eit klart utgangspunkt at norsk teiknspråk er eit genuint språk på linje med talte språk. Norsk teiknspråk skal ikkje reknast som eit hjelpemiddel for ei gruppe menneske med nedsett funksjonsevne, men som eit fullverdig, naturleg språk. Vidare bør det i lovgjevingprosessen for framtidig regelverk om teiknspråkopplæring takast eksplisitt stilling til korleis det er eigna til å bidra til oppfylling Noregs plikter etter CRPD og andre menneskerettskonvensjonar.

Vidare er det viktig å sikra at barn som skal få teiknspråkopplæring i skole og barnehage, får tilgang til reelle teiknspråkmiljø der dei både kan læra teiknspråk frå vaksne språkbrukarar og

¹²¹ Kulturdepartementet: <https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-ogfrivillighet/innsiktsartikler/spraklov-og-ny-stortingsmelding-om-sprak/ei-heilskapleg-spraklov/id2636991/>

¹²² Granavolden-plattforma (2019), s. 67.

i sosial og språkleg interaksjon med andre barn. Derfor er det viktig å sikra at det blir rekruttert teiknspråkbrukarar til undervisnings- og opplæringsstillingar. Det bør vidare setjast krav til dugleik i teiknspråk for alle som skal undervisa *på teiknspråk* i tillegg til *i teiknspråk*. Dagens krav, med 30 eller 60 studiepoeng for personar som skal undervisa *i teiknspråk*, er svært låge, særleg med tanke på at det ofte er tale om personar som ikkje kan norsk teiknspråk frå før. Dersom det ikkje er god nok tilgang til teiknspråkbrukarar med tilstrekkeleg formell fagleg kompetanse, bør ein vurderer å opna for auka bruk av genuint teiknspråklege personar i undervisninga, ikkje nødvendigvis berre som lærarar, men òg at teiknspråkbrukarar utan lærarkompetanse blir tekne i bruk som språklege modellar for barna.

Litteraturliste

Norske rettskilder

Lover

- | | |
|------|---|
| 1814 | Kongeriket Noregs grunnlov gjeven i riksforsamlinga på Eidsvoll den 17. mai 1814, slik ho lyder etter seinare endringar, seinast stortingsvedtak av 8. mai 2018 |
| 1962 | lov 22. juni 1962 nr. 8 om Stortingets ombudsmann for forvaltningen (sivil-ombudsmannsloven) |
| 1967 | lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) |
| 1969 | lov 13. juni 1969 nr. 24 om grunnskolen [oppheva] |
| 1981 | lov 8. april 1981 nr. 7 om barn og foreldre (barnelova) |
| 1998 | lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) |
| 1999 | lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven) |
| 2003 | lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skolar (friskolelova) |
| 2005 | lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehager (barnehageloven) |

Forskrifter

- | | |
|------|---|
| 1989 | forskrift 17. november 1989 nr. 1184 for grunnskolen [oppheva] |
| 1999 | forskrift 28. juni 1999 nr. 722 til opplæringslova [oppheva] |
| 2006 | forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova |
| 2013 | læreplan i norsk tegnspråk (NOR4-04), fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 5. juli 2013 |
| 2015 | forskrift 21. desember 2015 nr. 1771 om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning |

Førearbeid og andre stortingsdokument

- | | |
|------------------------------|--|
| Innst. O. nr. 70 (1997–1998) | <i>Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om grunnskolen og vidaregåande opplæring (opplæringsloven)</i> |
| Innst. O. nr. 92 (1998–1999) | <i>Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringar i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)</i> |

Innst. O. nr. 89 (1999–2000)	<i>Innstilling fra kirke-, utdannings- og forskningskomiteen om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.</i>
Innst. S. nr. 184 (2008–2009)	<i>Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk</i>
Meld. St. 18 (2010–2011)	<i>Læring og fellesskap. Tidlig innsats og gode læringsmiljøer for barn, unge og voksne med særlege behov</i>
NOU 1995: 18	<i>Ny lovgivning om opplæring. «... og for øvrig kan man gjøre som man vil»</i>
NOU 2012: 1	<i>Til barnas beste. Ny lovgivning for barnehagene</i>
Ot.prp. nr. 46 (1997–1998)	<i>Om lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)</i>
Ot.prp. nr. 78 (1998–1999)	<i>Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)</i>
Ot.prp. nr. 44 (1999–2000)	<i>Om lov om endringer i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) m.m.</i>
Ot.prp. nr. 40 (2007–2008)	<i>Om lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova</i>
Ot.prp. nr. 55 (2008–2009)	<i>Om lov om endringer i opplæringslova og privatskolelova</i>
Prop. 84 L (2011–2012)	<i>Endringer i opplæringslova og privatskolelova (undervisningskompetanse m.m.)</i>
Prop. 106 S (2011–2012)	<i>Samtykke til ratifikasjon av FN-konvensjonen av 13. desember 2006 om rettighetene til mennesker med nedsatt funksjonsevne</i>
Prop. 103 L (2015–2016)	<i>Endringer i barnehageloven og opplæringslova (spesialpedagogisk hjelp, kortere ventetid for barnehageplass m.m.)</i>
Prop. 67 L (2017–2018)	<i>Endringer i barnehageloven mv. (minimumsnorm for grunnbemannning, plikt til å samarbeide om barnas overgang fra barnehage til skole og SFO mv.)</i>
St.meld. nr. 61 (1984–1985)	<i>Om visse sider ved spesialundervisninga og den pedagogisk-psykologiske tenesta</i>
St.meld. nr. 35 (2007–2008)	<i>Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk</i>

Rettspraksis

Rt. 1977 s. 1035

Rt. 2008 s. 1764

Rt. 2009 s. 1261

Rt. 2015 s. 795

HR-2016-2346-A

HR-2018-456-P

HR-2018-2096-A

Fråsegner frå Sivilombodsmannen

2016/1689, 15. november 2017

2017/2040, 8. mars 2018

Retteiarar, rundskriv o.l.

Alle lenkjer til dokument som er lagde ut på internett, var fungerande per 23. april 2019.

- Granavolden-plattformen (2019) *Politisk plattform. For en regjering utgått av Høyre, Fremskrittspartiet, Venstre og Kristelig Folkeparti.* 17. januar 2019
<https://www.regjeringen.no/contentassets/7b0b7f0fcf0f4d93bb6705838248749b/plattform.pdf>
- Kunnskapsdepartementet (2015) *Høringsnotat om forslag til endringer i barnehageloven og opplæringsloven.* 13. oktober 2015
<https://www.regjeringen.no/contentassets/efbc2bf85b3f4a0ca6eac4d4671df458/horingsnotat-om-endringer-i-barnehageloven---barn-med-sarlige-behov-.pdf>
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-om2/id2457760/?expand=horingsnotater>
- Kunnskapsdepartementet (2017a) *Mandat for offentlig lovutvalg på grunnopplæringsområdet.* 22. september 2017
<https://www.opplaringslovutvalget.no/mandat/>
- Kunnskapsdepartementet (2017b) *Oppdragsbrev nr. 33-17. Forsterket tegnspråkopplæring i barnehagen og grunnopplæringen.* Brev til Utdanningsdirektoratet 17. oktober 2017.
- Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet (1996a) *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen*
- Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet (1996b) *Rundskriv F-13-96. Teiknspråkforskrifta. Ikraftsetjing m.m.* 20. mars 1996
- Statped (2018a) *Tegn-til-tale.* Oppdatert 27. september 2018
<http://www.statped.no/temaer/alternativ-og-supplerende-kommunikasjon-ask/tegnsystemer/tegn-til-tale2/>
- Statped (2018b) *Opplæring i tegnspråk etter § 5-1.* Oppdatert 24. januar 2018
<http://www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/tegnsprak/opplaring-i-tegnsprak-etter-5-1/>

Utdanningsdirektoratet (2009)	Rundskriv Udir-3-2009. <i>Retten til skyss</i> . Sist endra 21. august 2017 https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Skoltskyss/Udir-3-2009-Sarlege-problemstillinger-i-samband-med-retten-til-skyss
Utdanningsdirektoratet ([2009?]) ¹²³	<i>Veileder for opplæring av barn og unge med hørselshemming</i> . https://www.strand.kommune.no/_f/i849ffcab-a4f9-44fe-ad1a-197fc84f28d0/Veileder_for_barn_og_unge_med_horsels_hemming.pdf
Utdanningsdirektoratet (2014)	<i>Veilederen Spesialundervising</i> . Sist endra 6. mars 2017 https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/
Utdanningsdirektoratet (2015)	<i>Videregående opplæring for hørselshemmede</i> . Oppdatert 11. august 2015 https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/horselshemmede/videregaende-opplaring/skoletilbud-vgo/
Utdanningsdirektoratet (2016)	<i>Opplæring i og på tegnspråk – hørselshemmede i grunnskolen</i> . Oppdatert 28. juni 2016 https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/horselshemmede/grunnskole/opplaring-i-og-pa-tegnsprak/
Utdanningsdirektoratet (2018a)	Rundskriv Udir-1-2018. <i>Fag- og timefordeling og tilbudsstruktur for Kunnskapsløftet</i> . Sist endra 29. juni 2018. https://www.udir.no/regelverkstolkninger/opplaring/Innhold-i-opplaringen/udir-01-2018/
Utdanningsdirektoratet (2018b)	<i>Svar på spørsmål om hvilken kompetanse den som gir tegnspråkopplæring må ha</i> . Brev til Fylkesmannen i Trøndelag 2. februar 2018. https://www.udir.no/contentassets/2b424f62506245a9a78d446255795ad7/tegnsprak_og_kompetanse.pdf
Utdanningsdirektoratet (2018c)	<i>Svar på oppdragsbrev 33-17 – fremme og forsterke tegnspråkopplæring</i> . Brev til Kunnskapsdepartementet 5. april 2018.

¹²³ Dokumentet er udatert, men innhaldet i det tyder på at det er frå 2009.

Internasjonale rettskilder

Internasjonale konvensjonar

Barnekonvensjonen	Convention on the Rights of the Child, Adopted and opened for signature, ratification and accession by General Assembly resolution 44/25 of 20 November 1989
CRPD	Convention on the rights of persons with disabilities, New York, 13. desember 2006
EMK TP1	Protocol to the Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms of 4 November 1950, Paris, 20. mars 1952
ØSK	International Covenant on Economic, Social and Cultural Rights, Adopted and opened for signature, ratification and accession by General Assembly Resolution 2200 A (XXI) of 16 December 1966

Rettspraksis frå EMD

Cyprus v. Turkey	Case of Cyprus v. Turkey, Application no. 25781/94, 10. mai 2001
------------------	--

Generelle kommentarar frå FNs menneskerettslege komitear

Barnekomiteen, generell kommentar nr. 1 (2001)	General comment no. 1 (2001). <i>Article 29 (1): The aims of education</i>
Barnekomiteen, generell kommentar nr. 9 (2006)	General comment no. 9 (2006). <i>The rights of children with disabilities</i>
CRPD, generell kommentar nr. 4 (2016)	<i>General comment No. 4 (2016) on the right to inclusive education</i>

Litteratur

Juridisk litteratur

Boe (2010)	Boe, Erik Magnus, <i>Innføring i juss. Juridisk tenkning og rettskildelære. 3. utgave</i> . Oslo: Universitetsforlaget
Bogsti (2012)	Bogsti, Anborg, «Tilpasset opplæring og spesialundervisning». s. 206–228 i Henning Jakhell og Trond Welstad (red.) <i>Utdanningsrettslige emner. Artikler med utvalgte tema fra skole- og utdanningsrettens område</i> . Oslo: Cappelen Damm
Kjølbrot (2017)	Kjølbrot, Jon Fridrik, <i>Den Europæiske Menneskerettighedskonvention. For praktikere. 4. udgave</i> . København: Jurist- og Økonomforbundets forlag

- Meidell (2012) Meidell, Merete Havre, «Barns rett til å gå på nærmeste skole etter opplæringsloven § 8-1 – en individuell ubetinget rett», s. 186–205 i Henning Jakhell og Trond Welstad (red.) *Utdanningsrettslige emner. Artikler med utvalgte tema fra skole- og utdanningsrettens område*. Oslo: Cappelen Damm
- Mæhle og Aarli (2017) Mæhle, Synne Sæther og Ragna Aarli, *Fra lov til rett. 2. utgave*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Raugland og McKiernan (2016) Raugland, Vidar og Mona Mjøen McKiernan, *Norsk Lovkommentar*. Notar til opplæringslova. Sist hovudrevidert 5. oktober 2016 (Gyldendal Rettsdata)

Annan litteratur

- Raanes (2018) Raanes, Eli, «Norsk tegnspråk», s. 513–532 i Mæhlum, Brit (red.) *Norsk språkhistorie. II Praksis*. Oslo: Novus forlag
- Sandler og Lillo-Martin (2006) Sandler, Wendy og Diane Lillo-Martin, *Sign language and linguistic universals*. Cambridge: Cambridge University Press
- Språkrådet (2012) *Språkstatus 2012. Språkpolitisk tilstandsrapport frå Språkrådet*. Oslo: Språkrådet
- Vonen (1997) Vonen, Arnfinn Muruvik, 1997. *Et merkeår i døveundervisningens historie*. Skådalen Publications Series No. 2. Oslo: Skådalen kompetansesenter

Andre nettkjelder

Alle lenker til dokument som er lagde ut på internett, var fungerande per 23. april 2019.

- Kulturdepartementet *Ei heilskapleg språklov*. Sist oppdatert 20. mars 2019
<https://www.regjeringen.no/no/tema/kultur-idrett-og-frivillighet/innsiktsartikler/spraklov-og-ny-stortingsmelding-om-sprak/ei-heilskapleg-spraklov/id2636991/>
- Norges Døveforbund *Hvor mange bruker tegnspråk i Norge?*
<http://doveforbundet.no/hvor-mange-bruker-norsk-tegnsprak-i-norge>
- Statped *Deltidsopplæring for hørselshemmede grunnskoleelever (med undersider)*
<http://www.statped.no/tjenester/deltidsopplaring/>
- Statped *Knutepunktskoler*. Oppdatert 18. juli 2017
<http://www.statped.no/fagomrader-og-laringsressurser/horsel/videregaende-skole/knutepunktskoler/>

Vedlegg

Opplæringslova § 2-6

§ 2-6. Teiknspråkopplæring i grunnskolen

Elevlar som har teiknspråk som førstespråk eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til grunnskoleopplæring i og på teiknspråk. Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa fastsetjast i forskrifter etter § 2-2 og § 2-3 i denne lova.

Kommunen kan bestemme at opplæringa i og på teiknspråk skal givast på ein annan stad enn den skolen eleven soknar til.

Før kommunen gjer vedtak etter første ledd, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering.

Opplæringslova § 3-9

§ 3-9. Teiknspråkopplæring i den vidaregåande skolen

Ungdom som har rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og som har teiknspråk som førstespråk, eller som etter sakkunnig vurdering har behov for slik opplæring, har rett til å velje vidaregåande opplæring i og på teiknspråk i eit teiknspråkleg miljø etter andre leddet, eller rett til å velje å bruke tolk i ordinære vidaregåande skolar. Det same gjeld vaksne som er tekne inn til vidaregåande opplæring utan rett etter § 3-1. Før fylkeskommunen gjer vedtak om slik opplæring, skal det liggje føre ei sakkunnig vurdering.

Med teiknspråkleg miljø er meint skolar som har tilrettelagde opplæringstilbod i og på teiknspråk for hørselshemma elevlar.

Retten til opplæring i og på teiknspråk etter andre leddet er avgrensa til dei utdanningsprogramma og programområda desse skolane gir tilbod på. Delar av dette opplæringstilbodet kan givast med tolk.

Omfanget av opplæringa i tid og innhaldet i opplæringa blir fastsett i forskrifter etter § 3-2 og § 3-4 i denne lova.

Departementet kan gi nærmare forskrifter, mellom anna om inntak.

Barnehagelova § 19 h

§ 19 h. Rett til tegnspråkopplæring

Barn under opplæringspliktig alder som har tegnspråk som førstespråk, eller som etter en sakkyndig vurdering har behov for tegnspråkopplæring, har rett til slik opplæring. Retten gjelder uavhengig av om barnet går i barnehage.

Kommunen skal oppfylle retten til tegnspråkopplæring for barn bosatt i kommunen. Før kommunen fatter vedtak om tegnspråkopplæring, skal det utarbeides en sakkyndig vurdering av den pedagogisk-psykologiske tjenesten.

Før det blir utarbeidet en sakkyndig vurdering og fattet vedtak om tegnspråkopplæring, skal det innhentes samtykke fra barnets foreldre. Foreldrene har rett til å gjøre seg kjent med innholdet i den sakkyndige vurderingen og til å uttale seg før det fattes vedtak.

Tilbudet om tegnspråkopplæring skal så langt som mulig utformes i samarbeid med barnet og barnets foreldre, og det skal legges stor vekt på deres syn.

Dersom barnet flytter til en annen kommune, skal vedtaket om tegnspråkopplæring gjelde frem til det er fattet nytt vedtak i saken.

Retten til skyss, tilsyn, reisefølge og innlosjering etter § 19 f gjelder tilsvarende for barn med rett til tegnspråkopplæring.

Departementet kan gi forskrift om tegnspråkopplæring for barn under opplæringspliktig alder.